<b>19</b>		<b>1 456 761</b>	<b>2 000 000</b>	<b>2 000 000</b>	<b>0</b>	<b>-543 239</b>	<b>72,84 %</b>
20		-3 524 931	-8 360 000	0	-3 376 982	4 835 069	42,16 %
21							
	10	-659 316	0	-6 535 000	414 305	-659 316	
22		-2 000 000	-2 000 000	-200 000	0	0	100,00 %
23		0	0	0	0	0	
<b>24</b>		<b>-6 184 248</b>	<b>-10 360 000</b>	<b>-6 735 000</b>	<b>-2 962 677</b>	<b>4 175 752</b>	<b>59,69 %</b>
<b>25</b>							
		1	0	0	0	1	#DIV/0!

Kommentarar til tabell:

- Investeringa i varige driftmidler er spesifiserte på dei ulike investeringsprosjekta, jf oppstilling i bevilgningsoversikt investeringar § 5-5, 2.
- Investering i aksjer i kapitaltilskotet i KLP.
- Avdrag på lån er avdrag på lån til utlån – startlån.
- Tilskot frå andre er refusjon frå Otra Kraft etter 2 avtalar; kr 823 428 (prosjekt 6005) og kr 136 801 (prosjekt 560) i tillegg til 1 avtale med Statsforvalteren i Agder om tilskot til fullfinansiering av Kalkingsanlegg og kalkdosører i Otra, kr 2 461 641 (prosjekt 6000).
- Sal av varige driftsmidler med kr 16 946 138 gjelder overdragelse av 2 gang- og sykkelveggar til Statens vegvesen, tilsaman kr 15 826 433 (prosjekt 777 og 763) i tillegg til sal av tomteareal for kr 119 705 (prosjekt 835 og 7804). Beløpet inngår som finansiering av investeringar.
- Bruk av lån kr 5 455 096 til finansiering av driftsmidler. Beløpet avviker stort frå budsjettert bruk av lån til finansiering av investeringar, jf forklaring under pkt 9.
- Overføring frå drift er bruk av bundne driftsfond til finansiering av investeringar. Overføring til investering til finansiering av investeringar dessutan budsjettert med bruk av disposisjonsfond med 5 mill. kroner, men vart gjenstand for strykning då rekneskapen for drift syner meirforbruk.



Investeringer i varige driftsmidler – Bevilgningsoversikt investering § 5-5,2

	Regnskap 2021	Regulert budsjett	Opprinnelig budsjett	Regnskap 2020	Avvik mot regulert bud. Belop	Forbr. %
<b>Investeringer i varige driftsmidler</b>						
2004 Adgangskontroll kommunale bygg	268 417	450 000	150 000	0	-181 583	59,65 %
2005 Ombygging Valle kommunehus 2020	0	0	0	1 692 555	0	
2006 Ventilasjonsanlegg Helsehuset	655 713	600 000	600 000	0	55 713	109,29 %
2012 Ljos - ombygging til målt anlegg	293 441	350 000	350 000	0	-56 559	83,84 %
2013 Leikeplass Rysstad - ljøs	205 716	200 000	200 000	0	5 716	102,86 %
2016 ENØK - varme-/kjøleanlegg kommune	122 013	125 000	125 000	0	-2 988	97,61 %
2019 Valle kommunehus - ventilasjonsanlegg	0	0	0	622 750	0	
3016 Solavskjerming - Valle skule	126 306	150 000	150 000	497 458	-23 695	84,20 %
3019 Valle skule - ombygging/rehab. av skule	446 103	250 000	250 000	0	196 103	178,44 %
3501 Oppgradering laboratorium Valle legeke	0	0	300 000	26 196	0	
4007 Sjukesignalanlegg PLO	0	0	200 000	647 667	0	
4009 Valle bygdeheim - rep./ny heis	707 578	700 000	950 000	251 250	7 578	101,08 %
4010 Bygdeheimen - ombygging/nye vindu r	0	0	300 000	0	0	
4016 Valle bygdeheim - nytt kjøkken på avd	275 996	250 000	400 000	0	25 996	110,40 %
4021 Ladestasjon - Valle bygdeheim	22 422	0	0	0	22 422	#DIV/0!
414 Velferdsteknologi PLO	0	150 000	0	0	-150 000	
5501 Sjøppelbu Furustøy (Kvisle)	163 594	200 000	200 000	206 869	-36 406	81,80 %
5502 Lekkasje- og kontrollutstyr VA	0	0	0	133 968	0	
5504 Sjøppelbu Bjernevatn	0	0	0	30 256	0	
560 Valle reinseanlegg	342 004	550 000	550 000	186 392	-207 996	62,18 %
563 Brokke reinseanlegg - ny biorotor	0	125 000	125 000	0	-125 000	
579 Kloakkledning Rysstad nord	0	0	0	1 240 264	0	
5801 Arbeidsbil - teknisk	0	0	0	201 294	0	
6000 Kalkingsanlegg og kalkdoserer	5 357 340	7 500 000	7 500 000	3 472 711	-2 142 660	71,43 %
6004 Garderobar - symjehallen	102 632	1 000 000	1 000 000	0	-897 369	10,26 %
6005 Kloakkanlegg - Nomeland	768 428	1 500 000	1 500 000	2 286 929	-731 572	51,23 %
6512 Valle kultursenter - ombygging/tetting	524 072	500 000	500 000	0	24 072	104,81 %
668 kyrkjestoga/bibliotek	0	0	0	602 740	0	
7201 Hylestad soknehus - ferdigstille oppgra	0	0	0	348 340	0	
724 Valle samfunnshus - oppgraderer Storsto	422 247	425 000	5 100 000	170 363	-2 753	99,35 %
763 Gang- og sykkelveg frå Valle kyrkje til	0	0	0	0	0	
7701 Ny bru til Straume	0	200 000	200 000	0	-200 000	
777 Gang- og sykkelveg til Brokke	0	0	0	0	0	
7803 Klatrevegg Vallehallen	0	0	2 500 000	0	0	
7804 Områderegulering Rysstad sentrum	2 067 379	2 000 000	0	0	67 379	103,37 %
7806 Vegljøs Harstadvegen	0	0	0	680 113	0	
7807 Parkeringsplass - Gløppefoss	0	0	200 000	0	0	
7808 Ramme - utvikling Valle sentrum	163 938	200 000	200 000	0	-36 063	81,97 %
7809 Valle menighetshus - tilrettelegging på	650 660	650 000	200 000	0	660	100,10 %
810 Utvide Leite bustadfelt	6 488 765	4 500 000	4 500 000	191 556	1 988 765	144,19 %
835 Tomtesal	1 855	0	0	2 420	1 855	#DIV/0!
885 Garasje løypemaskin - Bjernevatn	111 271	0	0	621 510	111 271	#DIV/0!
8905 Rulleskiløype Brokke (kommunal)	11 727 012	10 500 000	15 000 000	528 872	1 227 012	111,69 %
8921 Gang-/sykkelveg Helle-Rysstad	0	6 875 000	0	0	-6 875 000	
904 Hylestad brannstasjon Rysstad	0	0	0	4 610 894	0	
832 sal av kommunal bustad	0	0	0	230 428	0	

Årsmelding 2021

<b>Sum investeringer i varige driftsmidler</b>	<b>32 014 899</b>	<b>39 950 000</b>	<b>43 250 000</b>	<b>19 483 795</b>	<b>-7 935 101</b>
<b>Tilskudd til andres investeringer</b>					
704 Investeringstilskot - Valle kyrkje	0	0	0	250 000	0
					0
<b>Sum tilskudd til andres investeringer</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>250 000</b>	<b>0</b>
<b>Investeringer i aksjer og andeler i selskaper</b>					
232 Eigenkapitalinnskot KLP	531 119	620 000	620 000	585 179	-88 881
					0
<b>Sum investeringer i aksjer og andeleer</b>	<b>531 119</b>	<b>620 000</b>	<b>620 000</b>	<b>585 179</b>	<b>-88 881</b>
<b>Utlån av egne midler</b>					
980 Startlån	0	0	0	0	0
					0
<b>Sum utlån av egne midler</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Kommentar til tabell – Bevilgningsoversikt investeringar:

- Prosjekt 4021 Ladestasjon Valle bygdeheim ligg som investering i budsjettet for 2022.
- Prosjekt 414 Velferdsteknologi i PLO er ikkje gjennomført som investering. Behov som oppstår føres som driftskostnader.
- Prosjekt 563 Brokke reinseanlegg – ny biorotor. Prosjektet er ikkje gjennomført grunna nye vurderingar kring kva tiltak som må til.
- Prosjekt 6000 Kalkanlegg og kalkdosører. Prosjektet er ferdigstilt og sett i drift i april 2021. Kostnadane til prosjektet vart noko lågare enn budsjettet. Prosjektet er fullfinansiert av midler frå Statsforvalteren i Agder.
- Prosjekt 6004 Garderobar symjehallen. Oppgradering/ombyggjing av garderobane til symjehallen er ferdig prosjektert og klar til utsending, men gjennomføringa er utsatt i påvente av vidare planlegging for prosjekt Storstoga, då det er naturleg å leggja ombyggjing av garderobar inn i dette prosjektet.
- Prosjekt 6005 Kloakkanlegg Nomeland. Byggetrinn 1 som går ut på å leggje kloakkledning (+ vassledning) frå bustadfeltet på Nomeland og opp til driftssentralen til Brokke kraftstasjon er ferdig. Det er starta opp prosjektering på neste byggetrinn som går frå bustadfeltet på Nomeland og ned til Rysstad og med samankopling til Rysstad RA.
- Prosjekt 7701 Ny bru til Straume. Prosjektering av ny bru til Straume ligg i investeringsbudsjettet for 2022.
- Prosjekt 810 Utvide Leite bustadfelt. Bustadfeltet er feridg opparbeidd og sluttoppgjør er utført. Meirkostnadar skuldast: meir sprengningsarbeid /fjell enn tidlegare berekna, ny trafo innstallert, jf sak FSK 121/20, slutt faktura frå Agder Energi for trafo bygd i 2018 (aust for sentrum) som del av bustadfeltet, mottak Valle kommune i 2021.
- Prosjekt 885 Garasje løypemaskin – Bjørnevatn. Rekneskaper er ferdig og anmodning om utbetaling av spelemidler er sendt.
- Prosjekt 8905 Rulleskiløype Brokke (kommunal). Prosjektet er under arbeid, kostnadane i 2021 er noko over budsjettet for 2021, men innafor samla budsjetttramme for prosjektet. Ferdigstilles i 2022.
- Prosjekt 8921 Gang- og sykkelveg Helle – Rysstad. Tiltaket vart utsatt og gjennomføres vinter/vår 2022.

## Totaloversikt drift - fordelt på rammeområder

Beløp i 1000

Tenesteområder	Regnskap 2020	Oppr. budsjett 2021	Budsjett 2021	Regnskap 2021	Avvik i kr
Politisk styring	2 845	3 045	3 060	2 982	78
Kommunedirektøren	1 541	4 620	4 660	4 263	396
Næring	4 628	3 035	3 035	2 354	681
Kultur, bibliotek	4 974	4 690	4 745	5 005	-261
IKT	2 140	2 745	2 745	2 239	506
Økonomiavdelinga	9 672	10 822	10 484	26 860	-16 375
SVR	0	0	0	0	0
Velkomstsenter	4 348	4 168	4 010	3 550	453
Interkommunalt PPT	775	873	901	827	74
Interkommunalt barnevern	1 437	1 989	2 058	1 781	283
Skule	19 087	18 826	19 158	20 135	-979
Barnehage	7 896	7 904	8 084	9 411	-1 326
Helse	13 176	12 775	14 475	15 028	-553
NAV	3 966	2 934	3 298	2 418	521
Pleie og omsorg	38 344	36 928	37 632	40 801	-3 169
Teknisk	27 481	25 691	26 863	25 820	1 043
Diverse pensjon	-5 466	-6 100	-6 100	-9 690	3 590
Konsesjonskraft	-9 227	-8 000	-10 300	-10 300	0
Finansiering	-157	0	0	148	-148
<b>Sum</b>	<b>127 978</b>	<b>127 049</b>	<b>128 245</b>	<b>143 596</b>	<b>-14 787</b>

Avvik mellom rekneskap og regulert budsjett for dei ulike rammeområda utgjør tilsaman eit meirforbruk på omlag 14,8 mill. kroner. Det som gjer det store utslaget her er kostnadsføring på 15,826 mill. kroner ved sal/avgang (gåvesal) av gang- og sykkelveg frå Valle sentrum til Kyrkja og frå Nomeland til Brokke. Dette er ei særeigen hending, men som verkar inn på rekneskapsresultatet for Valle kommune i 2021.

### Rammeområde: 20 Kommunedirektøren (Rådmannen)

Mindreforbruk på omlag 0,4 mill. kroner samla for rammeområde der ansvar 2000 Rådmannen og ansvar 2100 Beredskap inngår. I dette ligg eit mindreforbruk på kostnader knytt til servicepensjon, løn og sosiale utgifter på omlag 0,1 mill. kroner, driftstiltak knytt til kjøp av tenester til gjennomføring og utarbeiding av overordna plan for Pleie og omsorg og plan for Oppvekst har eit mindreforbruk på omlag 0,2 mill. kroner i høve til budsjett. Avsatt midlar til digitalisering i organisasjonen på 0,2 mill. kroner står også ubruka. I samband med beredskap er der eit meirforbruk på vel 0,1 mill. kroner grunna innkjøp og lisenskonstandar til drift av varslingsssystem for via SMS til dei som oppheld seg i Valle kommune ved ymse hendingar.

### Rammeområde: 22 Næring

Mindreforbruk på omlag 0,7 mill. kroner skuldast vakanse i stilling deler av året med eit mindreforbruk på omlag kr 350 000, arbeidet er utført av andre einingar i administrasjone. Der er yt utviklingsstipend til 6 ungdomar med tilsaman kr 150 000, mot budsjettet kr 30 000. Skikort i Brokke til ungdom inntil 18 år vart utbetalt med omlag kr 50 000 høgare enn budsjettet. Utbetaling frå næringsfondet var på omlag 0,3 mill. kroner, mot budsjettet 1 mill. kroner. Tilskot til «tomme stolar» yt til Fylkeskommunen er på omlag kr 80 000 lågare enn budsjettet.

Rammeområde: 32 IKT

Ansvar 3200 IKT har eit mindreforbruk på 0,5 mill. kroner. Samla kostnad til IKT Setesdal er på omlag 2,7 mill. kroner, som er i tråd med budsjett. Forklaringa til avviket som kjem fram under dette rammeområdet er at omlag 0,5 mill. kroner er ført i rekneskapen på andre ansvar i organisasjonen.

Rammeområde: 33 Økonomiavdelinga

Rammeområde har eit meirforbruk på 16,3 mill. kroner. Ansvar 3300 Økonomiavdelinga har eit meirforbruk på 0,3 mill. kroner som skriv seg frå lønskostnader, pensjonskostnader og tenestekjøp i samband med oppgradering/fornyng av Agresso økonomisystem utover budsjett.

I sak 84/21 vart det bevilga 1,5 mill. kroner i straumstøtte til innbyggjarane i Valle kommune, utbetalinga her vart 1,155 mill. kroner, altså 0,350 mill. kroner under budsjett. Kostnader til lisensar, programvare og avtalar som gjeld for heile organisasjonen føres på ansvar 3310. Her er eit meirforbruk på omlag 0,3 mill. kroner der utarbeiding av forskrift for sjølvkost for byggesak, oppmåling mm utgjør omlag halvparten av meirforbruket

I rekneskapen for 2021 er investeringsprosjekt 777 Gang- og sykkelveg til Brokke og investeringsprosjekt 763 gang- og sykkelveg frå Valle kyrkje til Valle sentrum overført vederlagsfritt til Agder Fylkeskommune etter avtalar inngått i 2014. Overføringa ligg ikkje inne i budsjettet, då det vart kjent etter utgangen av 2021. Valle kommune har vore eigar av gang- og sykkelvegane fram til overdraginga, ved overdraging av gang- og sykkelvegane er bokført verdi samla 15,826 mill. kroner som er lagt til grunn som realisasjon i investeringsrekneskapen og som kostnad i driftsrekneskapen. Denne kostnaden på 15,826 mill. kroner er ført på ansvar 3310 Div. innt./utg. adm. på ramme 33 Økonomiavdelinga og utgjør ein vesentleg del av meirforbruket på rammeområde.

Ansvar 3350 har eit meirforbruk på omlag 0,3 mill. kroner som skuldast føring av kostnader i samband med tenestekjøpsavtale mellom Valle kommune og Valla og Hylestad Sokn, kostnadane er budsjetterte på rammeområde 58 Teknisk drift.

Rammeområde: 36 Velkomst

Rammeområde innbefattar både Velkomst og HR/personal og har eit mindreforbruk på vel 0,4 mill. kroner. Kompetansemidler er i liten grad nytta og Great Place to Work vart ikkje gjennomført som planlagt og budsjettert i 2021, samla utgjør dette i underkant av 0,3 mill. kroner. Sal av merkantile tenester for vel 0,1 mill. kroner og høgt sjukefråvær/foreldrepermisjon med rett til refusjon frå nav har ført til lågare lønskostnader enn budsjettert.

Rammeområde: 37 Interkommunalt PPT og Barnevern

Valle sin del av interkommunalt PPT har eit mindreforbruk på kr 74 000 som skuldast vakanse i stilling deler av året grunna foreldrepermisjon og mindre reiseaktivitet grunna covid-19.

Valle sin del av interkommunalt Barnevern har eit mindreforbruk på kr 283 000. Kostnader til barnevernstiltak i heimen vart betydeleg lågare enn budsjetterte.

Rammeområde: 51 Oppvekst

Rammeområde Oppvekst omhandlar skuledrift, vaksenopplæring og barnehagedrift. Oppvekst samla har eit meirforbruk på 2,3 mill. kroner.

Valle skule har hatt ei drift i tråd med budsjett. Vaksenopplæringa har hatt eit meirforbruk på omlag 0,9 mill. kroner. Gjennom året vart det etablert grunnskule for vaksne utan at dette var budsjettert.

Valle og Hylestad barnehagar har tilsaman eit meirforbruk på omlag 1,3 mill. kroner. Gjennom heile 2021 har barnehagane hatt eit høgt sjukefråvær som fører til eit stort behov for innleie av vikarar. Sjølv om alt langtidsfråvær gir rett til refusjon frå NAV, må korttidsfråvær ved bruk av vikar dekkast utan refusjon. I tillegg har der vore trong for ekstraressursar grunna vedtak om styrking av pedagogisk tilbod for einskildbarn.

Rammeområde: 54 Helse

Rammeområde Helse syner eit meirforbruk på vel 0,5 mill. kroner. Gjesteinnbyggjaroppgjør fastlegeordninga hadde ein kostnad på omlag 0,2 mill. kroner over budsjett og vaksinerings mot covid-19 hjå fastlege hadde ein kostnad på vel 0,3 mill. kroner, dette var ikkje budsjettert. Helsesamarbeidet Valle/Bykle hadde ei drift i tråd med budsjett, likeeins LMT-samarbeidet.

Rammeområde: 55 Nav

NAV si drift, slik det går fram av rekneskapan for tenesteområda, omhandlar Valle sin del av vertskommunesamarbeidet i NAV Midt-Agder og drift av flyktingtenesta i Valle. Samla har drift av desse tenestane eit mindreforbruk på omlag 0,5 mill. kroner.

Valle sin del av nav i NAV Midt-Agder som omhandlar sosialtenesta, råd og veiledning hadde eit mindreforbruk i høve til budsjettert på 0,7 mill. kroner. Drift av flyktingtenesta inngår ikkje i samarbeidet med NAV Midt-Agder og introduksjonsprogrammet vart forlenga for nokre deltakarar til hausten 2021 grunn covid-19, kostnadane vart her omlag 0,2 mill. kroner meir enn budsjettert.

Rammeområde: 56 Pleie og omsorg

Rammeområde har eit meirforbruk på omlag 3,2 mill. kroner. Inntekter frå brukarbetaling er i tråd med budsjett, det same er refusjon frå Staten for ressurskrevande tenester som eininga yt. Meirforbruket skriv seg frå meirforbruk på både fastløn med tilhøyrande tariffesta tillegg for kveld/natt og variabel løn, som overtid og tariffesta tillegg for kveld/natt. Dette genererer i tillegg kostnadar til pensjon og arbeidsgjevaravgift.

Rammeområde: 58 Teknisk forvaltning

Meirinntekter frå behandlingsgebyr for bygge- og delesak og kart- og oppmåling utgjør mindreforbruket på omlag 1,2 mill. kroner.

Rammeområde: 60 Pensjon

Rammeområde har ei meirinntekt på omlag 3,5 mill. kroner, der årets premieavvik utgjør ei meirinntekt på 5,2 mill. kroner, amortisering av premieavvik er kostnadsført med 3,9 mill. kroner og frå premiefond er inntektsført 2,2 mill. kroner utover budsjettert.

Rammeområde: 70 MVA-komp

Fom 2021 føres all mva-kompensasjon på det rammeområde kostnadane vert førte.

## Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,49 %	6,87 %	7,36 %
Årlig sykefravær 2020	0,45 %	5,91 %	6,36 %
Årlig sykefravær 2021	0,70 %	8,63 %	9,32 %

### Samla sjukefråvær, både eigenmeldt og sjukemeldt, i Valle kommune i perioden 2011-2020

2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
6,0	6,8	6,0	7,4	7,32	7,69	5,86	5,98	8,52	6,36

Der har vore ein auke i sjukefråværet; både korttidsfråvær og langtidsfråvær i 2021 sett i høve til åra før. I 2018 hadde Valle kommune det 5. lågaste sjukefråværet i landet samanlikna med kommune Noreg. I 2019 auka sjukefråværet, men låg stadig under landsgjennomsnittet som i 2019 var på 9,83% i kommunal sektor. Hausten 2019 vedtok arbeidsmiljøutvalet eit måltall på 5% sjukefråvær i verksemda. Dette målet vart ikkje nådd i 2020, men talet gjekk ned frå 2019, for så å gå opp igjen i 2021. Hovudsakleg dreiar dette seg om langtidsjukemeldte.

Kommunen meiner auka fokus på nærvær, meir involvering av bedriftshelsetenesta/tillitsvalte/verneombod, og tiltak som møteplassen og Great place to work har positiv effekt på fråværet.

Vi har som ei hovudprioritering innan arbeidsgjevarområdet å redusere det totale sjukefråværet i organisasjonen. Å redusere sjukefråværet er ei viktig målsetting for kommunen. Auka nærvær bidrar til auka kvalitet i tenesteleveringa og eit betre arbeidsmiljø.

I 2017 formaliserte Valle kommune sjukefråværsoppfylginga ved å ta i bruk «møteplassen» som ein arena for oppfylging av sjukemeldte, og medarbeidarar som står i fare for sjukefravær. I 2021 har det ikkje vore gjennomført møter i møteplassen, og dette er ei ordning som vi vil evaluere og vurdere om kan utnyttast enno betre framover.

## Kommunen sine tenesteområder

### Politisk styring

#### Skildring av verksemd

Rammeområde omfattar all politisk verksemd i kommunen, så som godtgjering og løn til politikarar, reiseutgifter i samband med møte osv.

Politisk sekretariat er blitt ivaretatt av rådgjevar, som høyrar inn under kommunedirektøren, som også har sekretærfunksjon for alle styre, råd og utval med unntak av arbeidsmiljøutvalet.

Målsetting er å ha ein klar rollefordeling mellom folkevalde og administrasjon.

I 2021 var det totalt 59 møter i styre, råd og utval.

#### Utvikling og utfordringar

Utfordringa er å yte god service og handsame politiske saker innafor tidsfristane, utan å må auke møtefrekvensen og med det få auka utgifter i høve møtegodtgjering og tapt arbeidsforteneste.

#### Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Regnskap 2020	Regnskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr	Avvik i %
108-Utval	2 742	2 885	2 965	80	2,7 %
109-Ordfører	103	97	95	-3	-2,9 %
<b>Sum</b>	<b>2 845</b>	<b>2 982</b>	<b>3 060</b>	<b>78</b>	<b>2,5 %</b>

#### Kommentar til status økonomi

Eit samla mindreforbruk på omlag kr 80 000 der omlag kr 45 000 skriv seg frå kontroll og revisjon og resterande frå dei ulike utval.

#### Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2020	0,00 %	0,00 %	0,00 %
Årlig sykefravær 2021	0,00 %	0,00 %	0,00 %

Der er ikkje noko sjukefravær i 2021.

## Kommunedirektøren

### Skildring av verksemd

Området omfattar kommunedirektøren sine oppgåver innan administrasjon av verksemda. Kommunedirektøren er den øvste leiar for den samla kommunale administrasjon, med dei unntak som følgjer av lov, og innafor dei rammer kommunestyret fastset.

2021 bar preg av ein aktiv kommune, samtidig som kommunen stod i en pandemi som vi ikkje heilt visste korleis ville påvirke oss framover i tid. Kommunedirektøren har fungert som leiar for kriseleiinga i kommunen. I 2021 har kommunedirektøren fungert som leiar for teknisk eining fram til teknisk sjef vart tilsett 1. april.

Kommunedirektøren i Valle er leiar for Rådmannsutvalet i Setesdal og er vald inn i Kommunedirektørutvalet i Agder.

Kommunedirektøren har overordna prioriteringar som skal gi retning for arbeidet i 2021.

Vi skal prioritere å:

- Vidareføre eit godt tenestetilbod innafor ansvarleg økonomiske rammer
- Følgje opp kommuneplanen sine satsingsområder
- Innarbeide god verksemdstyring og internkontroll
- Tenesteforbetring og utvikling
- Positivt driftsresultat
- Tydeleggjere leiarane sitt ansvar for styring og kontroll, spesielt knytt til ansvar for fag, personal, økonomi og kvalitet
- Utvikle samhandlingskompetanse og bidra til samhandlingskultur

Leiarar i kommunen skal fremje læring, samhandling, og delingskultur, utnytte handlingsrommet og tilrettelegge for berekraftige løysingar.

Kommunedirektøren har eit særleg ansvar for å bidra i grensesnittet mellom politiske og administrative prosessar. Kommunedirektør og formannskap gjennomførte to samtaler i løpet året etter KS mal for utviklingssamtale mellom folkevalde og kommunedirektør, tilsvarende som kommunedirektøren gjer med sine leiarar. Kommunedirektør, ordførar og varaordførar har hatt faste møte ein gong i månaden. Agenda er fastsett i forkant og referat frå møte er referatsak til kommunestyret.

2100 Beredskap - sjå også under kapitel beredskap

Valle kommune har vald å ha kriseleiinga operativ gjennom heile covid-19 pandemien. Kommunedirektør har leia gruppa som har hatt jamnlege møte ein til to ganger i månaden samt etter behov.

I høve tiltak har Valle kommune følgd nasjonale føringar. Kommunen har rapportert nasjonalt og regionalt og delteke på nasjonale, regionale og lokale samlingar knytt til covid 19. Kommunen har lagt vekt på god informasjon til tilsette, innbyggjarar, næringsliv og hyttebuarar.

Valle kommune har prioritert smitteverntiltak internt



Kommunen har også prioritert drifts- og investeringstiltak knytt til nasjonale støtte- og tilskotsordninger

#### Skulefagleg ansvarleg og ansvarleg for barnehagemynde

Funksjonen som skulefagleg ansvarleg og ansvarleg for barnehagemynde er ei 80 % stilling med ein tilsett. Stillinga er direkte underlagt kommunedirektøren.

Barnehagelova ligg til grunn for barnehagemynda si utøving av mynde. Kommunen er lokal barnehagemynde og skal sjå til at barnehagane driv i samsvar med regelverket. Barnehagemynda har tre verkemiddel til disposisjon; rettleiing, tilsyn og godkjenning.

Opplæringslova ligg til grunn for rolla som skulefagleg ansvarleg. Den seier at kommunen skal ha skulefagleg kompetanse i kommuneadministrasjonen over skulenivået. Funksjonen skal **medverke til at kommunen utøver oppgåvene og ansvaret som skuleeigar i tråd med lovverket.**

### **Utvikling og utfordringar**

#### Skulefagleg ansvarleg og barnehagemynde

Det er avholdt månadlege møte mellom skulefagleg ansvarleg, styrar og rektor. Det har mellom anna vore arbeid med utarbeiding og oppfølging av felles planar, gjennomgang og oppfølging av resultat og informasjon og gjennomgang av nytt.

Covid -19 har skapt utfordringar for arbeid innan oppvekst også i 2021. Fråvær har gjort det utfordrande å gjennomføre samlingar og møte. Arbeid med ny kompetansehevingsplan blei starta våren 2021. Denne vil bli ferdigstilt i 2022 i samband med kartlegging og oppstart av "Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis".

Frå januar 2021, vart det store endringar i barnehagelova. Det har ført til endring av planar, praksis og delegasjon.

Det er innført nytt digitalt barnehage- og skuleadministrativt system; Visma Flyt Barnehage og Visma Flyt Skole.

Skulefagleg ansvarleg og barnehagemynde i Valle kommune deltek i Nettverk Setesdal oppvekst og fungerer som vara for leiar. Funksjonen er vararepresentant i RKG oppvekst og utdanning i Agder, er Setesdalsregionen sin representant i eksamenssamarbeidet i austre del av Agder, koordinerer lokalt gjeven eksamen i Setesdal, er koordinator for utviklingsarbeidet "Desentralisert kompetanseheving i skolen" i Bykle og Valle og deltek derfor i Samarbeidsforum saman med andre koordinatorar, Statsforvalteren, Universitetet i Agder og lærarorganisasjonane.

Barnehage- og skulefagleg ansvarleg har god kontakt med kollegaer i nabokommunane. Likevel saknast samarbeidd på området og på same nivå i eigen kommune.

Arbeid med heilskapleg plan for oppvekst i Valle kommune vart starta hausten 2021. Den er ikkje ferdigstilt, og må sjåast i samanheng med Oppvekstreformen, "Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis", Likeverdsreforma og andre endringar. Det har vore utfordrande å få til eit koordinert tverrfagleg samarbeid kring dette på tvers av einingane.

## Utvalde resultat

### Skulefagleg ansvarleg og barnehagemynde

Valle kommune har to kommunale barnehagar og ein grunnskule.

Våren 2021 fullførte to pedagogar i skulen vidareutdanning i matematikk og

skulefagleg ansvarleg og ansvarleg for barnehagemynde fullførte studiet «Juss i offentlig sektor».

Våren 2021 vart første skuleår med gjennomføring av innhald i planen «Rettleiing av nye pedagogar» fullført. Tilbakemeldingane på gjennomføringa har vore positive og arbeidet vidareførast.

Plan for overgang barnehage og skule har berre delvis vore gjennomført grunna pandemien.

Alle tilsette i barnehagane har vore med på eit fleirårig etterutdanningsløp med tema «Barnehagens språkmiljø». Dette har vore ei satsing i samarbeid med dei andre kommunane i Setesdal og i partnerskap med Skrivesenteret i Trondheim. Satsinga vart avslutta hausten 2021.

Alle pedagogane i skulen har i 2021 deltatt på etterutdanning med tema «Fagfornyelsen». Dette har over fleire år vore ei satsing i samarbeid med Bykle kommune og i partnerskap med Universitetet i Agder. Satsinga vart avslutta hausten 2021.

Barnehagane har full pedagogdekning og grunnbemanninga er på plass.

Skulen oppfyllar pedagognormen på alle trinn. Pr. 01.10 21 var det to pedagogar som underviste i fag dei ikkje hadde tilstrekkeleg studiepoeng i. Etter skulestart i august 2025 er det ikkje lenger dispensasjon for å gjere dette.

## Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Regnskap	Regnskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2020	2021	2021		
200-Administrasjon	2 296	4 057	4 591	534	11,6 %
210-Beredskap	63	207	69	-138	-201,8 %
<b>Sum</b>	<b>2 359</b>	<b>4 263</b>	<b>4 660</b>	<b>396</b>	<b>8,5 %</b>

### Kommentar til status økonomi

Under ansvar 2000 Rådmannen er eit mindreforbruket på omlag 0,5 mill. kroner som skriv seg frå tiltak Digitalisering - generelt med 0,2 mill. kroner, jf. omtale gitt under kommentar til Økonomiplantiltak, og økonomiplantiltak Realisering av planer i planstrategien med mindreforbruk på omlag 0,2 mill. kroner, jf. omtale. I tillegg kjem eit mindreforbruk knytt til pensjon/servicepensjon.

Ansvar 2100 Beredskap har eit meirforbruk på vel 0,1 mill. kroner. Grunnen er innkjøp av varslingsystem og lisenskostnadar ved drift for å kunne varsle dei som oppheld seg i kommunen ved ymse hendingar.

## Status økonomiplan tiltak

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år	Status	Risiko	Beskrivelse
	1			
<b>Nye tiltak</b>				
Digitalisering - generelt	200	Ikke startet	✓	Ikkje utført, avsatte midler i budsjett er ubrukte.
Realisering av planar i planstrategien	600	Ferdig	✓	Gjennomført med mindreforbruk på omlag 0,2 mill. kroner.
<b>Sum</b>	<b>800</b>			
<b>Sum tiltak</b>	<b>800</b>			

### Digitalisering generelt

Dette er eit kontinuerlig arbeid for å auke digitalisering/automatisering av funksjonar og løysingar i organisasjonen. Valle kommune har delteke på kompetansehevande arenaer, men har ikkje gjennom 2021 gjort tiltak med digitalisering/automatisering. Budsjettet for tiltaket står ubrukt.

### Realisering av planer i planstrategien

Midlar til gjennomføring av vedtak iflg planstrategien for utarbeiding av heilskapleg plan for Pleie- og omsorg og heilskapleg plan for Oppvekst.

Heilskapleg plan for pleie- og omsorg er utarbeid og vart vedteken i desember 2021. Heilskapleg plan for Oppvekst vart starta opp hausten 2021 og vert ferdigstilt i 2022. Kostnadar for planarbeid ført i rekneskapen for 2021 er på omlag 0,4 mill. kroner og gjeld kjøp av konsulenttenester til bistand i arbeidet. I tillegg er egne ressurser nytta.

## Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,15 %	1,82 %	1,98 %
Årlig sykefravær 2020	0,00 %	0,00 %	0,00 %
Årlig sykefravær 2021	0,00 %	1,66 %	1,66 %

Eininga har hatt eit marginalt sjukefravær gjennom året.

## Næring

### Skildring av verksemd

Valle kommune har eit breitt og inkluderande næringsliv, der verksemdar innan kultur og handvert og naturbaserte verksemdar står sterkt. Kommunen skal Vera ein attraktiv "fritidskommune" for Sørvestlandet (Agder og Sør-Rogaland). Covid-19 har gitt store utfordringar for næringslivet også i 2021 med tidvis nedstengning etter nasjonale lova og tidvis regulering for innreise frå utlandet for turister som er kundegruppa for mange av aktivitetene/tilboda som næringslivet har. Også i 2021 har der vore stor aktivitet med hyttebyggjing i Brokke. Dette gir positive ringverknadar for heile kommunen.

Etablering av løype for rullleski er under bygging i Brokke, og vert ferdigstilt i 2022. På Rysstad har kommunen lagt eit godt grunnlag for reguleringsarbeid i sentrum ved erverv av grunn til næringsføremål. Arbeidet med utvikling og tilrettelegging av turløyper er videreført på permanent basis.

## Årsmelding 2021

Stortinget har i 2021 yt 3 tiltakspakkar på tilsaman kr 854 000 til Valle kommune til kommunale økonomiske kompenserande tiltak for å avhjelpe næringslivet i møte med pandemien. Hensikten med ordningane har vore at kommunane raskt kunne avhjelpe situasjonen for lokale verksemder som vart særleg hardt ramma av lokale eller nasjonale smitteverntiltak. Kr 500 000 av desse tilskotsmidla vart etter søknad fordelt på 7 verksemder og utbetalt i 2021. dei resterande kr 354 000 vart midler kommunen vart sett til å fordela på bakgrunn av dei følgjer av nasjonal nedstenging av serveringsstader fekk for perioden desember 2021 til januar 2022. Desse midla vart etter søknad fordelte og utbetalte til 3 verksemder i 2022.

Valle kommune har har 2021 utbetalt kr 313 000 frå tiltaks- og næringsfondet.

Funksjonen næring har vore ivaretatt av stabsressurser i administrasjonen. Valle kommune deltek i Næringsnettverket i regi av Setesdal Interkommunale Politiske Råd (SIPR).

### Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Regnskap 2020	Regnskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	4 628	2 354	3 035	681	22,4 %

### Kommentar til status økonomi

Mindreforbruk på omlag 0,7 mill. kroner skuldast vakanse i stilling deler av året med eit mindreforbruk på omlag kr 350 000, arbeidet er utført av andre einingar i administrasjonene. Der er yt utviklingsstipend til 6 ungdomar med tilsaman kr 150 000, mot budsjettert kr 30 000. Skikort i Brokke til ungdom inntil 18 år vart utbetalt med omlag kr 50 000 høgare enn budsjettert. Utbetaling frå næringsfondet var på omlag 0,3 mill. kroner, mot budsjettert 1 mill. kroner. Tilskot til «tomme stolar» yt til Fylkeskommunen er på omlag kr 80 000 lågare enn budsjettert.

Valle kommune har i 2021 utbetalt kr 1 293 000 i støtte til næringslivet grunna covid-19 gjennom midler løyvde av Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD). Ytterlegare kr 354 000 fekk kommunen overført i tilskot frå KDD i desember 2021 mynta på kompesasjonsmidler til serveringsverksemder for nedstenging i perioden desember 2021 til januar 2022, desse midla vart avsatte på budne fond i rekneskapen for 2021, og utbetalt etter søknad i 2022.

### Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,00 %	68,97 %	68,97 %
Årlig sykefravær 2020	0,00 %	75,47 %	75,47 %
Årlig sykefravær 2021	0,00 %	0,00 %	0,00 %

Der har ikkje vore sjukefravær i eininga i 2021.

## Kultur, bibliotek

### Kultur

#### Skildring av verksemd

- 231/3150 [Bibliotek](#)
- 230/5170 Kultur
  - 377 Konserter og teater
  - 231 Valle ungdomsklubb og ungdomsarbeid
  - 385 Andre kulturaktivitetar og tilskott, leing kultur og fritid
  - 380 Idrett og tilskott
  - 373 Symjehall/badevakt
  - 383 Kulturskolen
  - 375 Museum, tilskott

Årsverk: Leiar Kultur og fritid 100 %, biblioteksjef 100 %, bibliotekassistent 15 %, kulturskule 110 %, ungdomsarbeidar 60 %, assistent ungdomsklubb 4 %, badevakt/kinovakt 15 %.

Totalt 7 tilsette.

Lovpålagde tenester: [Kulturskule](#) og [folkebibliotek](#). Sjå eiga årsmelding for biblioteket.

Andre tenesteområde: [Ungdomsarbeid og fritidsklubb](#), bygdekino, [fritidsbading](#), arrangement og markeringar, prosjekt- og utviklingsarbeid (GORRLAUS, Prestefossen tursti), Den kulturelle spaserstokken, samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, [kulturmidlar og -tilskot](#), utviklingsstipend for ungdom, generell kulturdrift og diverse sakshandsaming.

#### **Kulturskule:**

Rammeplan for kulturskolen «Mangfold og fordypning»:

Kap. 1.5. - kulturskolen som ressurscenter:

*Kulturskolen skal samarbeide med skole- og kultursektor og medvirke til å styrke kompetanse og kulturell utfoldelse i lokalsamfunnet. Det innebærer et forpliktende samarbeid med barnehager, grunnskoler, videregående skoler, det lokale kulturlivet og profesjonelle aktører innen kunst- og kulturformidling.*

Kap. 2.1. – eiers ansvar: *Kulturskolen skal inngå i kommunens plandokumenter og kan være en del av kommunens strategiarbeid både innen utdanning, kultur og helse.*

Det er heimla i Opplæringslova at alle kommunar skal ha eit tilbod om kulturskule. Valle kulturskule gir eit variert tilbod innaføre dei fleste instrumentgrupper og sjangrar. Vi har ikkje ressursar til tilbod innaføre kunst og dans, men prøver å arrangere kortkurs innaføre desse disiplinane, finansiert ved eksterne midler i løpet av året,

Dei siste to åra har det vore auka antal søkjarar til kulturskolen, og om lag 37 % av alle barn i grunnskulealder i Valle kommune elevar i Valle kulturskule. I tillegg kjem ein stor andel deltakarar som ikkje blir registrert i grunnskolen sitt informasjonssystem, GSI, som er med på gratis vekentlege gruppetilbod i regi av kulturskolen: Babysong (Musikk i livets begynnelse), barnehagekor, Musikkarusell i SFO, songstund for vaksne og musikkstunder på bygdeheimen. Desse deltakarane er ikkje registrerte

## Årsmelding 2021

som søkjarar/elevlar, fordi vi ønskjer at det skal vere lågare grad av formalitet/forplikting på desse tilboda enn det ordinære opplæringstilbodet, og lågest mogleg terskel for deltaking. Det er ei ønska utvikling frå nasjonalt hald at kulturskulen skal bidra inn mot fleire brukargrupper enn berre barn og unge. Dette er noko Valle kulturskule har jobba med og for i fleire år.

### Statistikk 2021, kulturskular på Agder - GSI (grunnskolens informasjonssystem):

Kommune	Grunnskule totalt elevtal	Elevtal 1.-7. årstrinn	Elevtal 8.-10. årstrinn	Elevlar i kulturskolen	Dekning %	Gutar %	Antal under gr.sk.alder	Antil i gr.sk.alder	Antal over gr.sk.alder	Antall gutar	Antal jenter	Venteliste	% andel elevlar Musikk	% andel elevlar Visuell kunst	% andel elevlar Teater	% andel elevlar Dans	% andel elevlar andre kunst og kulturu trykk
Arendal	5005	3458	1547	477	9,53 %	40,46 %	2	435	40	193	284	187	85,1 %	19,7 %	17,6 %	0,0 %	0,0 %
*Birkenes (BLINK)	2268			259	11,42 %	28,96 %	40	202	17	75	184	121	61,0 %	0,0 %	8,1 %	42,1 %	0,0 %
Bykle	96	70	26	59	61,46 %	35,59 %	0	47	12	21	38	0	169,5 %	0,0 %	33,9 %	0,0 %	0,0 %
*Evje og Hornnes, Bygl and, Åseral	815			77	9,45 %	46,75 %	0	67	10	36	41	8	85,7 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	14,3 %
Farsund	1203	805	398	233	19,37 %	39,91 %	3	202	28	93	140	8	63,5 %	16,7 %	0,0 %	34,3 %	0,0 %
Flekkefjord	1155	782	373	222	19,22 %	30,63 %	9	197	16	68	154	14	59,9 %	14,9 %	31,5 %	11,3 %	0,0 %
Froland	795	569	226	92	11,57 %	52,17 %	0	89	3	48	44	13	93,5 %	21,7 %	0,0 %	0,0 %	2,2 %
Grimstad	2855	2051	804	253	8,86 %	34,39 %	0	253	0	87	166	61	75,1 %	23,7 %	15,4 %	0,0 %	0,0 %
Hægebostad	157	157	0	19	12,10 %	31,58 %	0	19	0	6	13	0	100,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %
Iveland	192	139	53	5	2,60 %	80,00 %	0	5	0	4	1	0	100,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %
Kristiansand	13274	9282	3992	1796	13,53 %	36,36 %	14	1695	87	653	1143	197	68,8 %	13,1 %	18,3 %	4,6 %	12,4 %
Kvinesdal	743	530	213	96	12,92 %	36,46 %	2	82	12	35	61	13	61,5 %	22,9 %	0,0 %	27,1 %	0,0 %
Lindesnes	2876	1926	950	392	13,63 %	34,44 %	21	344	27	135	257	38	57,7 %	11,2 %	13,0 %	9,2 %	21,2 %
Lyngdal	1412	939	473	195	13,81 %	40,00 %	0	127	68	78	117	7	74,4 %	3,1 %	2,6 %	6,7 %	13,3 %
Sirdal	235	175	60	112	47,66 %	40,18 %	0	109	3	45	67	0	75,0 %	17,0 %	0,0 %	34,8 %	20,5 %
*Tvedestrand (Øst i Agder)	1970			276	14,01 %	23,19 %	6	249	21	64	212	23	68,8 %	19,9 %	0,0 %	44,2 %	2,9 %
<b>Valle</b>	<b>112</b>	<b>68</b>	<b>44</b>	<b>41</b>	<b>36,61 %</b>	<b>24,39 %</b>	<b>0</b>	<b>39</b>	<b>2</b>	<b>10</b>	<b>31</b>	<b>0</b>	<b>87,8 %</b>	<b>0,0 %</b>	<b>0,0 %</b>	<b>29,3 %</b>	<b>0,0 %</b>
Vennesla	1932	1365	567	250	12,94 %	15,60 %	10	238	2	39	211	3	33,6 %	5,2 %	24,8 %	48,4 %	0,0 %
Åmli	195	148	47	54	27,69 %	37,04 %	1	53	0	20	34	21	42,6 %	27,8 %	0,0 %	40,7 %	0,0 %
<b>Agder:</b>	<b>37290</b>	<b>22464</b>	<b>9773</b>	<b>4908</b>	<b>13,16 %</b>	<b>34,84 %</b>				<b>1710</b>		<b>714</b>	<b>69,1 %</b>	<b>13,3 %</b>	<b>13,9 %</b>	<b>14,0 %</b>	<b>7,6 %</b>

\*Interkommunale kulturskular. Dekningstal samla for kommunane i samarbeidet.

## Utvikling og utfordringar

### Generelt, Kultur og fritid:

Faste tilskot og kulturmidlar utgjer heile 40 % av budsjettet til Kultur og fritid, ansvar 5170. Dersom ein ser heile eining 23 under eitt, altså Kultur og fritid 5170 og bibliotek 3150, svarer faste tilskot og kulturmidlar til omlag 30 % av totalbudsjettet. Dette betyr at det er lite disponible midler når løn og alle tilskot er betalt ut.

Dette er viktig å ha som bakteppe når vi samanliknar oss med kostragruppe 15, og ser at Valle kommune har eit svært høgt forbruk på kulltur per innbyggjar. Hovudårsakene til at vi ligg høgt i utgifter per innbyggjar er

- faste tilskot til museum og frivillige lag og organisasjonar, og utdeling av kulturmidlar
- høge driftsutgifter på bibliotek og kommunale idretts- og kulturbygg

Vi ligg også noko høgt når det gjeld driftsutgifter til barn og unge, men ein må vere merksam på at denne tenesta mange stader ligg til sosial eller oppvekst, og dermed blir tala noko vanskeleg å samanlikne.

Årsmelding 2021

Nøkkeltal sist oppdatert 01.06.21	Enhet	Valle	Evje og Hornnes	Bykle	Bygland	Kostragr. 15	Agder
		2020	2020	2020	2020	2020	2020
Netto driftsutgifter til kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent)	prosent	9,1	3,5	21,3	5,5	3,5	4,2
Netto driftsutgifter til idrett i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent)	prosent	3	0,9	6,5	2,1	1	1,2
Netto driftsutgifter til barn og unge i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent)	prosent	1	0,8	3,3	0,6	0,8	0,7
Netto driftsutgifter til kultursektoren per innbygger (kr)	kr	9 560	2 398	22 223	5 500	3 494	2 693
Netto driftsutgifter til allmenn kultur per innbygger (kr)	kr	5 394	1 227	12 013	2 778	1 682	1 467
Brutto investeringsutgifter til kultursektoren per innbygger (kr)	kr	1 943	169	49	35	1 824	1 640
Netto driftsutgifter til folkebibliotek per innbygger (kr)	kr	1 383	180	1 184	531	517	311
Besøk i folkebibliotek per innbygger (antall)	antall	1,1	2,1	21	2,6	1,9	2,3
Utlån per innbygger (antall)	antall	3	2,7	5,2	5,5	2	2,5
Barn 6-15 år i kommunens kulturskole (prosent)	prosent	20,5	15	53,1	0	23,8	11,4
Besøk per kinoforestilling (antall)	antall	20	49,1	15,7	35,1	19,5	16,5

For Kultur og fritid er det eit mål å få til mest mogleg aktivitet. Dette gjer vi i form av arrangement og aktiviteter, åleine eller i samarbeid med andre. Våre aktiviteter som rettar seg mot heile familien er særleg populære, og vi veit at det er ein etterspurnad etter fleire tilbod t.d. i idrettshallen i helgene. Dette er ein etterspurnad vi ikkje har kapasitet eller ressursar til å dekke i særleg grad.

Det vi meiner å sjå som ein trend dei siste to åra er at dei yngre ungdomane (5.-7.trinn) i stor grad deltek i våre aktivitetstilbod, medan ungdomsskuleelevane ser ut til å søkje mot meir uorganisert eigenaktivitet. Gjennom rapportar både frå nasjonalt hald og Telemarksforsking veit vi at deltaking i

organiserte fritidsaktivitetar er ein *beskyttelsesfaktor*. At barn og unge deltek i organiserte fritidstilbod kan verke inn på deira psykiske helse, sosiale relasjonar, trivsel og oppfatning av identitet og tilhøyrighet. I Kultur og fritid har vi ei bevisst haldning til å jobbe for å inkludere alle og bidra til å jamne ut sosiale skilnader. Framover ønskjer vi derfor å jobbe meir med å få kunnskap om og å forstå desse mekanismene, og med å "treffe" dei litt eldre ungdomane med vårt aktivitetstilbod.

Det er utfordrande at vi er få tilsette, og at så stor del av budsjettet er bunde opp i fast løn og faste tilskott. Samtidig viser (Kulturindeksen) at det er høg grad av såkalla kulturarbeidarar\* i Valle kommune, og vi har mange frivillige lag og organsiasjonar. Her ligg det eit potensiale for utviklingskraft og samskaping. Korleis kan vi jobbe for å hente ut endå meir av dette potensialet?

\* refererer til sysselsettingstal for kulturyrke

### Kulturskule:

Stortingsmelding 18, 2020-2021:

#### Meld.St.18 (2020-2021):

8.4.4: Regjeringa oppmodar om at kommunen, som eigar av skolane og kulturskolane, arbeider for å sjå tilsetjingar i grunnskolen, SFO og kulturskolen i samanheng.

Kommunane bør, der det er mogleg, utnytte eksisterande kompetanse frå kulturskolen i barnehagen, grunnskolen og SFO.

8.5.2: I samarbeid med barnehagen, skolen og SFO bidreg kulturskolen til at barn og unge får utfalde seg kulturelt i lokalsamfunnet. Strategien «Skaperglede, engasjement og utforskertrang» legg vekt på at barnehage, skole og SFO skal bruke ressursane i og samarbeide med kulturskolen.

Kommunen eig og driv både barnehagar, skolen, SFO og kulturskolen og har derfor gode føresetnader for å leggje til rette for gjensidig forståing og samarbeid.

Elevar som er i SFO får sine kulturskuletimar i SFO-tid, og dei aller fleste elevane har sine timar før kl. 16. Alle elevar har både individuell undervising og samspel. Musikkarusell er eit ope tilbod i SFO-tid, som går ut på at barna kan kome saman og prøve ut ulike instrument eller spele saman på eige initiativ i Spelestoga. I 2021 har vi satsa særleg på å utvikle kulturskulen til ein stad å vere, mellom anna ved å innreie eit koseleg oppholdsrom med sofa, ulike instrument og skjerm, der elevane kan møtast også utanom timane.

Generelt har kulturskulen har dei siste åra lagt vekt på å gi breiare tilbod aldersmessig enn det mange forbind med eit tradisjonelt kulturskuletilbod. Dette inneber gruppetilbod retta mot ulike aldersgrupper, som Musikk i livets begynnelse, song-/musikkstund i barnehagane, SFO-kor, allsong for vaksne, musikkstunder (musikkterapi) på bygdeheimen. Frå nasjonalt hald er dette ei ønska utvikling (Kulturskule 3.0.), og Valle kulturskule har faktisk vore i front. Internt i kommunen er det ønskeleg med større grad av forankring av desse tilboda i respektive andre einingar, slik at det blir meir eit likeverdig samarbeid. Vi ønskjer å optimaliser tilboda og sikre oss at vi tilbyr mest mogleg brukartilpasa tenester.

Det ligg også moglegheiter i samarbeid med andre miljø, som folkemusikkmiljøet og kunstnarmiljøet. Likevel vil det alltid vere ei utfordring i ein liten kommune at ein kanskje ikkje klarer å ha breidde nok i kulturtilboda for barn og unge. Gjennom åra har kulturskulen hatt få tilbod innaføre visuelle kunstfag og dans, og dette er noko vi ønskjer å gjere meir med, for vi ser at det er attraktivt, kanskje særleg opp til ungdomsskulealder. Det er ikkje rom for slike tilbod innaføre ordinært budsjett, men vi søkjer på midlar hos eksterne finanseringskjelder når det er mogeleg. Det er eit ønske å kunne tilby fleire kortkurs innaføre ulike felt, men det er ei kapasitetsutfordring knytt til slike aktivitetar, samt at denne typen aktivitet krev ekstern finansiering.



## Utvalde resultat

Kultur og fritid i Valle kommune har eit hovudfokus på barn og unge, men ønskjer å tilby kultur til alle - heile livet.

Kultur og fritid søker i stor grad å samarbeide på tvers av eininga og med andre avdelingar, frivillige lag og organisasjonar og nabokommunar. Eininga består av berre drøye 4 årsverk, og ved å samarbeide med andre får vi til ting vi ikkje kan klare åleine. Leiar er involvert i ulike samarbeid, som t.d. folkemusikkprosjektet Gorrlaus, Kulturveka, Sauesjåmarknaden m.m. Stadnamninnsamlinga, som kom i gong i 2020, er finansiert av midler frå Språkrådet, og drifta av Setesdalsmuseet og innleigd prosjektmedarbeidar. Vi fekk fylkekommunalt tilskott til å vidareutvikle Prestefossen kulturlandskap med infotavler, skilting og benkar.

Som i 2020 har vi i 2021 lagt vekt på å ha så godt tenestetilbod som mogeleg, trass i nedstenging og restriksjonar. For andre år på rad samarbeidde vi med Valle radio og andre involverte om å gjennomføre ei alternativ 17.maimarkering innaføre forsvarlege og trygge rammer. UKM - Ung Kultur Møtast - vart gjennomført som videoinnspeling i salen i Sæbyggjen. Ei annleis, men fin oppleving for dei unge deltakarane. Nokre planlagde arrangement og aktivitetar måtte gå ut, men vi er nøgde med dei vi fekk gjennomført.

Gjennom folkemusikkprosjektet **Gorrlaus** skal alle barn og unge i Bygland, Valle og Bykle få opplæring i folkemusikk, -dans og -song i barnehage og skule. Leiar Kultur og fritid er engasjert av Setesdal spelemannslagt til å organisere og koordinere aktivitetane i prosjektet, i alle tre kommunane. Dette er eit betydeleg bidrag frå Valle kommune inn i arbeidet med UNESCO i Setesdal.

Det er starta eit arbeid for å forankre og formalisere innsatsen som blir lagt inn i folkemusikkprosjektet Gorrlaus og UNESCO-satsinga. Frå samarbeidspartnarane si side er det uttrykt tydeleg ønske om at desse oppgåvene framleis skal utførast av Valle kommune v/leiar Kultur og fritid.

### Spesielt om kulturskulen

Som nemnt har Valle kulturskule dei siste åra lagt vekt på å gi eit breiare tilbod enn det mange forbind med tradisjonell kulturskule. Vi arbeider for at aktiv deltaking i kulturaktivitetar skal vere ein del av det kommunale tenestetilbodet innaføre både oppvekst og pleie og omsorg, og har opne gruppetilbod for både dei aller yngste og dei eldre.

## Bibliotek

### Skildring av verksemd

Valle bibliotek har som alle virksomheter merka av at verden har vært prega av pandemi. Tross dette, har biblioteket kunnet være fullt fungerende i hele 2021. Med gode rutiner, har lånerne både kunnet bruka biblioteket både i betjent åpningstid, og i meiropen tid. Frå statistikken ser ein og at biblioteket har blitt populært av hytteeierar og turistar. På grunn av ein svakheit i det noverande systemet, har biblioteket veldig lite utlån til andre bibliotek. Dette gjer utslag i utlånsstatistikken. Me låna inn 90% meir enn kva me låna ut til andre bibliotek. Dette gjer at det er ein skeivhet i høve til andre bibliotek me kan sammenligna oss med. Biblioteket har mange fornøgde lånerar og ein ser også at det har vorte den møteplassen som bygda treng. Ikkje minst småbarnsforeldre har funne sin møteplass her.

## Utvikling og utfordringar

Den 19. november 2021 hadde Valle kommune fleire strømbrydd på kort tid. dette var medvirkende årsak til at utlånsmaskinen for bruk til sjølvbetjenta bruk av biblioteket, blei øydelagt. Som ein konsekvens av det, måtte biblioteket ta i bruk ei mellombels løysing som ikkje var optimal. Me var og nøyde til å skru av alarmportane, og telling av besøkane vart råka. Med god hjelp frå IKT, har me skipa ei løysing som har verka bra.

Dagens biblioteksystem er ikkje optimalt i høve til det ein forventar seg av eit moderne biblioteksystem, så me ser fram til å byta system. Ikkje minst ynskjer me eit system som gjer betre statistikk en dagens system.

Som følge av pandemien har det også vært lite attraktivt å invitera føredragshaldarar og underhaldningsartistar. Faren for ny nedstengning har vært for stor.

## Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Regnskap 2020	Regnskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr	Avvik i %
230-Kultur	3 839	3 793	3 607	-186	-5,5 %
231-Bibliotek	1 135	1 212	1 138	-75	-6,6 %
<b>Sum</b>	<b>4 974</b>	<b>5 005</b>	<b>4 745</b>	<b>-261</b>	<b>-5,7 %</b>

## Kommentar til status økonomi

Samla har kultur og bibliotek eit meirforbruk på omlag 0,3 mill. kroner.

I budsjettet for 2021 var det lagt til grunn at 20 % av stillinga til leiar kultur og fritid skulle finansierast ved eksterne prosjektmidlar (kr 170 000). Ein slik modell er utfordrande, for det låg ikkje føre verken planar om eller føringar for kva for prosjekt dette skulle vere, og det var heller ikkje sett av interne midlar til eigenandel. Ved utlysing av prosjektmidlar vil det så å seie alltid vere krav om ein viss eigenandel frå søkjar si side, og ofte er det også ein føresetnad at prosjektleiinga skal finansierast internt. I 2021 fekk Valle kommune kr 300 000 i tilskott til tiltak i statleg sikra friluftsområde, Prestefossen kulturlandskap, der kr. 25 000 var til prosjektleiing.

Leiar Kultur og fritid har jobba mykje med folkemusikkprosjektet Gorrlaus i 2020 og 2021. Gorrlaus er eit opplærings-, formidlings- og rekrutteringsprosesser i barnehagar og skular i kommunane Bygland, Valle og Bykle. Inntil 20 % av Leiar kultur og fritid skal nyttast til arbeid med Gorrlaus og oppfølging av UNESCO-statusen.

Grunna covid-19 og dei restreksjonar som har vore gjennom året har aktivitet som genererar inntekter gjennom arrangement vore moderat og derav lågare inntekter enn forventa og budsjettet, dette gjer seg særleg utslag på biblioteket.

## Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,06 %	2,37 %	2,43 %
Årlig sykefravær 2020	0,00 %	2,71 %	2,71 %
Årlig sykefravær 2021	0,27 %	1,38 %	1,65 %

Langtidsfraværet er ikkje arbeidsrelatert.

## IKT

### Skildring av verksemd

Setesdal IKT er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes og Iveland etter paragraf 27 i den gamle kommunelova.

Samarbeidet skal dekkje dei deltagande kommunars behov, plikter og oppgåver innanfor IKT tenester, og skal gjennom målretta bruk av IKT fremje utvikling av tenesteproduksjon, publikumsservice og administrative tenester i deltakarkommunane.

Setesdal IKT har sitt hovudkontor i Bykle kommune og avdelingskontor i Evje og Hornnes kommune.

Setesdal IKT og vil frå 01.05.22 være ein del av IKT Agder sin driftsorganisasjon (verksemdoverdraging).

### Arbeidsmiljø

Styret meiner arbeidsmiljøet i selskapet er godt. I 2021 var det ikkje skader eller ulykker på arbeidsplassen.

### Etisk standard

Arbeidsgjevar og tilsette i Setesdal IKT skal utøve sitt virke etter høg etisk standard. Med ærlighet, respekt, og i tråd med lover, forskrifter og regler. Det skal være gjeldande på alle dei stader kor man til einkvar tid skulle være representert. Etske forventningar til åtferd og haldningar omtales og regulerast spesifikt i Bykle kommunes eige etiske reglement for tilsette. Bykle kommune er Setesdal IKT sin vertskapskommune og det er naturleg å bruke deira etiske reglement.

### Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Regnskap 2020	Regnskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	2 140	2 239	2 745	506	18,4 %

### Kommentar til status økonomi

Ansvar 3200 IKT syner eit mindreforbruk på omlag 0,5 mill. kroner. Samla kostnad til IKT Setesdal er på omlag 2,9 mill. kroner. Forklaringa til avviket som kjem fram under dette ansvaret er at omlag 0,7 mill. kroner av kostnader til IKT er ført direkte i rekneskapen på andre ansvar i organisasjonen.

## Økonomiavdelinga

### Skildring av verksemd

Økonomiavdelinga fører rekneskapen for Valle kommune og sel teneste med fakturamottak og føring av rekneskap for Valle og Hylestad Sokneråd, Setesdal Interkommunale Politiske råd (SIPS), Øyne Industribygg Valle KF og Setesdalsmusèet Egedom IKS. Økonomiavdelinga har ansvar for budsjettarbeid, økonomioppfølging og saksutgreiing for alle politiske saker knytt til økonomiområdet i Valle kommune.

Avdelinga har ansvar for implementering, drift og opplæring av kvalitets- og internkontrollsystemet Compilo i Valle kommune. Opplæring og drift av system for rapportering- og verksemdstyring og

analysearbeid ligg til avdelinga. All sakshandsaming av sal- og skjenkeløyver som kommunen gir, søknader om startlån og utvalde søknader om ulike tilskot kommunen yt vert handsama i avdelinga.

Økonomiavdelinga har 5,2 stillingar.

Valle kommune er vertskommune for felles Barnevern for Bygland, Valle og Bykle og fører rekneskapen for dette samarbeidet. Likeeins er Valle kommune vertskommune for felles PPT og fører rekneskapen for også dette samarbeidet.

Økonomiavdelinga utfører også funksjonen løn for tilsette i Valle kommune, Valle og Hylestad Sokneråd, SIPR og Setesdalsmusèet Eigedom IKS.

## Utvikling og utfordringar

Økonomisystem og HR-system treng stadig fornying og oppgradering og krev mykje tid i avdelinga. Ansvar for implementering og opplæring av kvalitetssystem Compilo for heile organisasjonen krav kompetanse og ressurser. Utvikling av nye bruksområder knytt til fakturamottak og fakturering må tas i bruk. Det krev ressurser og kompetanse for å få nye løysingar på plass og tatt i bruk.

## Utvalde resultat

Økonomiavdelinga har ansvar for opplæring, bruk og oppfølging i heile organisasjonen for sikring av kvalitetssystem gjennom Compilo og ved bruk av Framsikt i samband med budsjettarbeid, økonomirapportering og kvalitetsarbeid.

## Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Regnskap	Regnskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2020	2021	2021		
330-Økonomiavdelinga	4 448	4 686	4 302	-385	-8,9 %
331-Diverse felles inntekter/utgifter	1 831	19 030	3 292	-15 737	-478,0 %
332-Kyrkja	3 393	3 056	2 686	-370	-13,8 %
<b>Sum</b>	<b>9 672</b>	<b>26 860</b>	<b>10 484</b>	<b>-16 375</b>	<b>-156,2 %</b>

## Kommentar til status økonomi

Økonomiavdelinga som rammeområde omhandlar også ansvar 3310 Div inntekter/utgifter for organisasjonen Valle kommune og ansvar 3350 Kyrkjer og andre trussamfunn, i tillegg til drifta av sjølve økonomiavdelinga som ligg på ansvar 3300 Økonomiavdelinga.

Rammeområde Økonomiavdelinga syner eit rekneskap med forbruk på heile 16,4 mill. kroner meir enn budsjettert, dette skuldast ei heilt spesiell hending ved gåvesal som er forklart under ansvar 3310 Div inntekter/utgifter.

### 3300 - Økonomiavdelinga

Økonomiavdelinga er drift av fagområde med tilhøyrande stillingsheimlar. Drifta i avdelinga syner eit meirforbruk på vel 0,3 mill. kroner. Lønnskostnader, pensjonskostnader og kjøp av konsulenttenester for oppgradering/fornyng av Agresso økonomisystem, utover det som var budsjettert med, utgjør dette meirforbruket.

### 3310 Div inntekter/utgifter

Ansvar 3310 Div inntekter/utgifter har budsjett for lønsreserve til å dekke inn lønsauke i organisasjonen som følge av lønsoppjøret kvart år. Kostnadane her litt i underkant av budsjetterte. Lønsoppjøret hadde ein kostnad omtrent som budsjettert.

Kostnadar til lisensar, programvare og avtalar som gjeld for heile organisasjonen føres på ansvar 3310. Her er eit meirforbruk på omlag 0,3 mill. kroner der utarbeiding av forskrift for sjølvkost for byggesak, oppmåling mm utgjør omlag halvparten av meirforbruket.

Kommunestyret gjorde i sak 84/21 vedtak om straumstøtte til innbyggjarane i Valle kommune; budsjettert 1,5 mill kroner og utbetalinga vart på 1,155 mill. kroner.

I rekneskapen for 2021 er investeringsprosjekt 777 Gang- og sykkelveg til Brokke og investeringsprosjekt 763 Gang- og sykkelveg frå Valle kyrkje til Valle skule overført vederlagsfritt til Agder Fylkeskommune etter avtalar inngått i 2014. Overføringa ligg ikkje inne i budsjettet, då den vart kjent etter utgangen av 2021, då var ikkje budsjettregulering for 2021 mogleg. Valle kommune har vore eigar av gang- og sykkelvegane fram til overdraging. Ved overdraging av gang- og sykkelvegane er bokført verdi samla kr 15,9 mill. kroner som er lagt til grunn som realisasjon i investeringsrekneskapen og som kostnad i driftsrekneskapen. Dette ligg til grunn for eit merforbruk på omlag 15,7 mill. kroner på ansvar 3310 Div. inntekter/utgifter.

### 3350 Kyrkjer og andre trusamfunn

Valle kommune si tenesteyting gjennom kyrkjegardsarbeid er belasta ansvar 3350, men budsjettert på rammeområde Teknisk. Ansvar 3350 har eit meirforbruk på omlag vel 0,3 mill. kroner, som utgjør 13,8 %, som skuldast kostnadar i samband med kyrkjegardsarbeid i hovudsak. Valle kommune har inngått ny tenestekjøpsavtale med Valle og Hylestad Sokn med verknad frå 01.01.2022, denne avtalen er justert i tråd med endringar som har skjedd dei siste åra og gir meir eksakte kostnader å halda eg til.

## Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,46 %	0,35 %	0,81 %
Årlig sykefravær 2020	0,38 %	0,00 %	0,38 %
Årlig sykefravær 2021	0,38 %	0,60 %	0,98 %

I tillegg til tilsette i Økonomiavdelinga inngår 20 % stilling frikjøp av HTV for Fagforbundet og Utdanningsforbundet i grunnlaget. Sjukefraværet er på samla 0,98 % og skuldast sporadisk korttids- og langtidsfravær.

## Velkomstsenter

### Skildring av verksemd

#### Velkomstsenteret har følgjande stillingar:

100% leiar HR og Velkomstsenter

100% Arkivleiar (arkiv og innsyn)

80% konsulent (utføring av tjenester for Setesdal regionråd, sentralbord, andre merkantiloppgåver)

## Årsmelding 2021

80% konsulent (næringsarbeid, ferdigattestar, infoland, fakturering, kyrkjegardsarbeid, sentralbord og andre merkantile tenester.

20% konsulent (fråværsregistrering, ansvarleg drift bedriftsleilegheit)

### Utvikling og utfordringar

I 2021 har det vore mykje fråvær på Velkomstsenteret, og dermed fleire vikarar. Fråværet har ikkje vore jobbrelatert. Det har vore ei utfordring å få tak i og lært opp vikarar i alle oppgåvene til dei som har vore borte. Det har ført til ei merbelastning på dei faste medarbeidarane på Velkomstsenteret, både på grunn av tida som har gått til opplæring og fordi dei har vore nøydde til å ta ansvar for nokre av oppgåvene i tillegg til sine egne.

Det er eit mål for Velkomstsenteret å få flest mogleg av innbyggerane og andre brukarar av tenestene våre til å nytte digitale verktøy for å motta dokument og informasjon frå kommunen. Dette har vore ei utfordring, men ein ser at det går framover kvart år. Det er eit ønske på Velkomstsenteret om å ta i bruk chatbot for å effektivisere bruken av menneskjelege ressursar, då vi er få personar med ansvar for mange oppgåver og sårbare for fråvær. Ein chatbot vil kunne handsame mange spørsmål frå brukarar veldig raskt, og vere tilgjengeleg heile døgnet. Ein chatbot vil kunne programmerast til å svare på mange spørsmål som gjeld alle einingene i kommunen. Dette vil henge godt saman med den digitale transformasjonen kommunen skal igjennom framover ved hjelp av Digi Agder og kompetanseprogrammet.

### Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Regnskap 2020	Regnskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	4 348	3 550	4 010	453	11,0 %

### Kommentar til status økonomi

Velkomstsenteret har eit mindreforbruk på kr 453 000 for 2021. Dette har følgjande hovudårsaker:

- Sal av merkantile tenester låg ikkje inne i budsjettet, og 138 714 kr kom inn som inntekt i rekneskapet.
- Kompetansemidlar på 113 518 kr for 2021 vart ikkje bruka
- På grunn av sjukdom vart medarbeidarundesøkinga Great Place to Work ikkje gjennomført før januar 2022, og dermed har ikkje budsjettetert rekning for dette ikkje kome med i 2021. Her ligg det budsjettetert ca. 166 000 kr.
- I tillegg har det kome inn refusjoner på sjukefråvær som utgjør noko meir enn utgiftane

### Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,69 %	4,48 %	5,17 %
Årlig sykefravær 2020	0,00 %	12,45 %	12,45 %
Årlig sykefravær 2021	0,00 %	24,31 %	24,31 %

Sjukefråværet på Velkomstsenteret har i 2021 vore høgt. Samla for året vart dette på ca. 24%. Det har ikkje vore jobbrelatert fråvær. Sjukefråværet gjaldt både fast tilsette og vikar. Sjukefråværet var på det

høgaste i 2. kvartal, men både 3. og 4. kvartal låg det og på eit høgt nivå. Så godt som alt sjukefraværet har vore langtidsfråvær.

Alt sjukefravær har vore følgt opp frå arbeidsgjevar, og det vart sett inn tiltak med tilretteleggjing i forkant for om mogleg å unngå fråvær. Dette gjekk bra ei stund, men sjukmeldingar var ikkje til å unngå.

## Interkommunalt PPT

### Skildring av verksemd

PPT Setesdal er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Bykle, Valle og Bygland. Valle er vertskommune

PPT for Setesdal er sakkunnig instans i saker som gjeld spesialundervisning. PPT skal drive med saksutgreiing / sakshandsaming etter Opplæringslova §5 og Barnehagelova § 31, og tilrå bruk av spesialundervisning / spesialpedagogisk hjelp der det er naudsynt.

PPT er også pålagt å hjelpe skular og barnehagar med kompetanseutvikling og systemarbeid på det pedagogiske området. Dette kan vere oppgåver som rådgeving, kurs, oppfølging av klasseleiing / systemretta tiltak i barnehagar og foreldrerettleiing. PPT arbeider også førebyggjande, for å hindre skeivutvikling og sikre tidleg hjelp / oppfølging.

PPT for Setesdal har hovudkontor i Valle, men også eit mindre avdelingskontor i Bygland kommune (Byglandsfjord)

### Stillingsheimlar

PPT har totalt 2,3 stillingsheimlar til disposisjon:

- Leiar /PP-Rådgivar: 100% fagstilling (30% til leiing av kontoret)
- PP-Rådgivar: 100% fagstilling som PP-Rådgivar
- Merkantil: 20% stilling: Scanning, arkivarbeid
- Reinhold: 7% stilling som fagarbeidar

### Talet på saker / brukarar PPT arbeider med kvart år:

Kommune	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Bygland	31	34	33	26	30	30
Valle	41	38	37	34	34	28
Bykle	27	16	14	25	19	29
Sum	99	88	84	85	93	87

### Talet på nye tilviste brukarar til PPT (årleg):

Kommune	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Bygland	11	11	12	1	10	8
Valle	8	10	12	10	8	6
Bykle	7	2	3	9	5	7

Sum	26	23	27	20	23	21
-----	----	----	----	----	----	----

Det har i 2021 vore ein auke på saker i Bykle kommune, medan det har vore ein liten nedgang i Valle. Når det gjeld tilviste barn, er det ingen store endringar. Det er bare 3 av dei som er nyttilviste som går i barnehage (2 i Bygland, 1 i Bykle og 0 frå Valle.)

### Utvikling og utfordringar

- Delar av året (frå april - desember) var ein av fagstillingane ute grunna permisjon. Det lukkast bare å få tak i 50% stilling frå august til desember. Denne stillinga vart prioritert på barnehagene som fekk styrka sitt tilbod dette halvåret (satsing på tidleg innsats). Tilbodet til skulene har nok derfor vore noko redusert i 2021. Ein ser at det er sårbart med bare 2 fagstillingar. Sjukdom / permisjoner / utskiftingar kan gje utfordringar i å levere gode tenester.
- Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis er ei satsing for heile landet som også skal ta til i vårt distrikt (innan2025). Bygland kommune ønskjer i denne samanhengen samarbeid "nedover" i dalen med Evje og Hornnes og Åseral kommune. Bykle og Valle har signalisert at dei ønskjer å få til eit samarbeid for dei 3 Setesdalskommunane. PPT ser det som ein stor fagleg utfordring om vi blir delt på 2 utviklingsarbeid, særleg også med tanke på at ein viktig samarbeidspart (barnevernet) også er organisert som interkommunal i Bygland, Valle og Bykle kommune.
- Krav til dokumentasjon og skriftleggjering er aukande, og tek tid frå direkte kontakt med brukarane.
- PPT har i størst mogleg grad prioritert å vere tilstades i barnehager og skular i 2021. Dette har nok i nokon grad gått ut over å få ferdigstilt skriftlege rapportar i tide. Einskilde brukarar har nok måtte vente noko ekstra tid på å få den skriftlege sakkunniga vurderinga innanfor det som er ein forsvarleg tidsbruk.

### Utvalde resultat

#### 1. God kvalitet i det sakkunnige arbeidet

Følgjande er lagt vekt på i 2021:

- **Vere tett på brukarar (skular / barnehagar/ føresette).**
  - PPT har faste dagar på skular / barnehager i dei ulike kommunane. PPT har hatt omlag 1 dag i veka fast på skular i kvar kommune og omlag 1/2 dag i veka fast i barnehager i kvar kommune. I periodar har det vore noko ekstra utfordringar i år også, med tanke på pandemien. PPT har likevel i stor grad kunne gjennomføre møte og testing av born / elevar, og møte har latt seg gjennomføre digitalt med skule og føresette.
- **Tidleg innsats**
  - PPT for Setesdal har for 2021 prioritert å styrke tilbodet i barnehagane. Den halve stillinga som vart tilsett frå august, vart bare brukt til oppfølging av barnehagane. Med redusert bemanning på 1/2 stilling, har det vore ei utfordring å gjere ferdig sakkunnig vurdering før 3 mnd. etter at saka er tatt inn i PPT. For 2021 er det 8 saker der dette har tatt noko lengre tid.
- **Fagleg gjennomgang og diskusjon av kvar einskild sak.**
  - Vi har hatt kontormøte kvar 14. dag, med diskusjon og gjennomgang av saker, med vekt på saker i barnehagane. Einskilde saker er også diskutert med Abup/ Habu eller i lokal ansvarsgruppe med helse / psykolog. PPT er også deltakar i miljøteam der born/elevar som det er bekymring rundt, kan takast opp.
- **Fagleg oppdatering for dei tilsette.**



- For eit lite kontor som Setesdal PPT er det særleg viktig å få fagleg påfyll og inspirasjon gjennom kurs og samarbeid
- med andre PP-kontor. I 2021 har det vore noko begrensa tid og høve til dette. PPT for Setesdal har vore aktivt med i Agder samarbeidet og er med i samlingar rundt kartleggingsverktøyet Dat-Kon (saman med Midt Agder PPT). Det er gjennomført kompetanseheving i Reynell-test og PPT har deltatt på eit kurs om skulevegving.

## 2. Andel med spesialundervisning for dei 3 kommunane skal ikkje liggje høgare enn landsgjennomsnittet over tid.

PPT for Setesdal har som måsetting at andel med spesialundervisning ikkje skal liggje høgare over tid enn landsgjennomsnittet. Dette er noko PPT må jobbe saman med skulane for å få til gjennom å gjere den ordinære undervisninga så god og tilpassa som råd er. Kostra-tala for 2021 er ikkje klare enno, men ligg for 2020 noko høgare enn landsgjennomsnittet for dei 3 kommunane (små endringar), men omlag på gjennomsnitt med tala for kostragruppe 06.

Kommune	Bygland	Valle	Bykle	Aust-Agder	Kostragr. 06	Landet u/Oslo
2011	10,9	13,0	15,6	10,8	12,4	8,6
2012	8,2	15,3	15,6	10,5	11,6	8,6
2013	7,3	9,0	8,5	9,0	10,7	8,4
2014	9,0	8,4	9,3	8,9	10,4	8,1
2015	7,9	5,9	8,7	9,2	10,4	7,9
2016	5,7	5,3	10,1	9,1	10,3	7,8
2017	6,0	9,1	9,4	9,2	10,1	7,9
2018	8,1	8,3	8,2	9,1	10,1	7,9
2019	8,1	6,2	9,0	9,1	10,0	7,9
2020	9,1	9,3	10,9		9,6	7,8

## 3. PPT skal vere med å styrke det spesialpedagogiske feltet og gje rettleiing og kompetanseutvikling til skular og barnehagar.

- PPT har som mål å drive spesialpedagogisk nettverk for kommunane. Ei samling vart gjennomført våren 2021 (låg deltaking)
- PPT har vore med å gjeve rettleiing på område som gjeld læringsmiljø / skulemiljø og klasseleiing i samband med einskildsaker som er tilmeldt.
- PPT har delteke på tverretaltelege team / miljøteam i kommunane for drøfting av både einskildsaker og tema knytta til utfordringar for barn og unge i Setesdal.

## Kommentar til status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Regnskap 2020	Regnskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	775	827	901	74	8,2 %

### Kommentar til status økonomi

Mindreforbruk på kr 74 000 kroner for Valle sin del av Interkommunalt PPT i Setesdal. Vakanse i stilling grunna foreldrepermisjon og mindre reiseaktivitet grunn covid-19 er grunn til mindreforbruket.

## Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2020	0,80 %	0,00 %	0,80 %
Årlig sykefravær 2021	0,00 %	0,00 %	0,00 %

Gjennom 2021 har der ikkje vore sjukefravær i eininga.

## Interkommunalt barnevern

### Skildring av verksemd

Setesdal barnevern består av 5,2 stillinger fordelt på tre kommuner. Dette er stillinger som jobber med alle faser av en barnevernssak – mottak av melding, undersøkelse, tiltak, fosterhjem og ettervern.

Setesdal barnevern hadde i 2021 en nedgang i antall bekymringsmedlinger i Valle kommune sammenlignet med året før. Det var også noe nedgang i antall undersøkelser. Antall tiltakssaker og barn som har motsatt hjelpetiltak ligger på et lavt nivå.

### Utvikling og utfordringar

Setesdal barnevern har i 2021 hatt et fokus på å spre kunnskap og mål for oppvekstreformen i de tre samarbeidskommunene. Det ble blant annet laget mandat til kartleggingsprosjekt som startet på nyåret 2022. Det ble også gjennomført et arbeidsmøte med samarbeidende tjenester i de tre kommuner som en start for å jobbe tverrsektorielt med oppvekstreformen. Det er har vist seg utfordrende å koordinere utviklingsarbeidet i oppvekstsektoren på en effektiv måte for å sikre felles mål, samordning og praksis for å møte kravene i oppvekstreformen.

Den største utfordringen for Valle kommune på barnevernfeltet er identifisering av barn i risiko for å sikre at alle barn som er i behov for tiltak i hjemmet får et tilbud. Det oppleves også spesielt stigmatiserende for familier å komme i barnevernet i Valle kommune og flere har takket nei til tiltak i barnevernet i løpet av året med begrunnelsen om at det er belastende å være i barnevernsystemet.

### Utvalde resultat

Setesdal barnevern hadde i 2021 tilsyn på undersøkelse etter Barnevernloven §4-3. Tilsynet ble gjennomført som en ren dokumentrevisjon og var en del av et landsomfattende tilsyn på barnevernområdet. Tilsynet fant avvik på følgende områder:

- Meldingsavklaring
- Foreldre og barns medvirkning
- Fortløpende vurderinger

Statsforvalteren var imidlertid svært fornøyd med skriftlige rapporter og vedtak. Setesdal barnevern jobbet etter dette med å oppdatere maler og samtykker og endre enkelte rutiner og prosedyrer vedrørende undersøkelser. Statsforvalteren lukket tilsynet i brev januar 2022.

## Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Regnskap	Regnskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2020	2021	2021		
Sum	1 437	1 778	2 058	283	13,7 %

### Kommentar til status økonomi

Valle sin del av samarbeidet syner eit mindreforbruk på i underkant av 0,3 mill. kroner. Dette skriv seg frå den delen av samarbeidet som gjeld indirekte kostnader gjennom barnevernstenesten vert fordelt mellom kommunane i vertskommunesamarbeidet basert på antall barn under 18 år og mindreforbruk i høve budsjett knytt til tiltak i heimen.

Avvik mellom budsjett og rekneskap som gjeld Bygland og Bykle er dekket inn gjennom refusjon i rekneskapen og påvirkar ikkje mindreforbruket i Valle.

### Oppsummering tiltak

Valle kommune har et særskilt lavt antall barn i tiltak. Utfra andre levekårsindikator er dette antallet kunstig lavt. Dette var i 2021 heller ikke kostnadskrevenne tiltak. Valle kommune har ikke barn i fosterhjem og har derfor ikke utgifter til slike tiltak. Barnevernets ressurser i Valle kommune går med til forebyggende arbeid der barnevernet er representert i miljøteam samt pågående utviklingsarbeid i oppvekstsektoren.

## Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,00 %	36,00 %	36,00 %
Årlig sykefravær 2020	0,00 %	10,03 %	10,03 %
Årlig sykefravær 2021	0,26 %	5,67 %	5,93 %

Setesdal barnevern hadde i 2021 et sykefravær på omlag 6 %. Ettersom det er en liten tjeneste med få ansatte kan man få store prosentvise utslag ved relativt kort fravær.

Setesdal barnevern har et stort fokus på arbeidsmiljøet og har tiltak for dette. Samtidig tilbys det debrief ved alvorlige hendelser og ukentlig oppfølging/veiledning av personal for å sikre at hver enkelt ansatt opplever seg ivaretatt og som en del av et større kollegiet i en krevende arbeidshverdag med høy psykisk belastning.

## Skule

### Valle skule

#### Skildring av verksemd

##### **Grunnskulen:**

Valle skule er ein fulldelt 1-10 skule med pt 112 elever med 24 fast tilsette. Skulen har 17 årsverk pedagoger inkl leiar/rektor og 4,8 årsverk fagarbeidarar samt 0,3 kontorfaglig ansvar. Leiar/rektor og kontoransvarleg har ansvar for grunnskule og vaksenopplæringa.

Grunnskulen er delt inn i 3 team med ein fagleiar på kvart team. I tillegg til opplæring på grunnskuleniåva har skulen ansvar for skulefritidsordninga som er eit tilbod til elever på 1-4 trinn. Det er 26 barn som har plass i SFO. Fagarbeidarane som arbeidar i SFO har i tillegg ansvar for oppfølging av enkeltelever/klassar i skuletida.

##### **Vidareutdanning.**

2 tilsette har tatt vidareutdanning gjennom Udir sin stipendordning. Vidareutdanninga er norsk og kunst og handverk. I tillegg har rektor tatt vidareutdanning i "Digitalisering og leiing"

##### **Satsingsområder for skuleåret 2020/2021.**

- Trygt og godt skulemiljø for alle
- Leseglede og leselyst
- Tilpassa opplæring og tidleg innsats
- Fagfornynging LK20

##### **Vaksenopplæringa:**

Har tilbydd grunnskule for vaksine og introduksjonsnorsk og samfunnsfag for innvandrarar.

#### Utvikling og utfordringar

##### **Utvikling:**

Vi har eit stabilt personale med rett og høg fagkompetanse i alle ledd. Gjennom medverknad analyserer vi resultat og sett nye mål for arbeidet. Valle skule arbeider etter "Kvalitetsplanen 2020-2025 (verksemdplan) mot 4 hovudmålsettinger. Vi arbeider i eit profesjonsfagleg fellesskap der lærande møter, erfaringsdeling og god struktur er med å heve kvalitet på arbeidet.

##### **Utfordringar:**

Kompetanse og rekruttering. Skulen har ikkje kvalifiserte vikarer så ved sjukdom og anna fråvær må dei fast tilsette ta ekstra timar/vakter.

Ressurskrevjande elever med alvorleg skulefravær og krav til grunnskule for institusjonsplassert ungdom. Serio ungdomssenter har fram til hausten 2021 nytta retten til grunnskuleopplæring for sine brukarar. Ungdomssenteret tar no imot plassert ungdom under 16 år som då har rett til grunnskuleopplæring. Institusjonsplassert ungdom har som regel opplevd hyppig flytting, bytte av skular, tap av kjent sosialt miljø og venar og har trulig med seg litt andre erfaringar enn ungdoms flest. Ungdom plassert i institusjon kjem på kort varsel og Valle skule er ikkje rusta til å ta imot elever som

## Årsmelding 2021

krev det ekstra med tanke på spesialundervisning, oppfølging av sosialemosjonelle utfordringar og åtferd.

### Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Regnskap 2020	Regnskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	19 087	20 137	19 158	-979	-5,1 %


### Kommentar til status økonomi

Ansvar 5110 Valle skule har drift i tråd med budsjett.

Ansvar 5152 Vaksenopplæringa har eit merforbruk på omlag 1 mill kroner. Ved budsjettarbeid i 2020 var føresetnadene at det ikkje var søkjarar til vaksenopplæring hausten 2021. Våren 2021 kom det 5 søkjarar på grunnskule for vaksne. (2 årig opplæringsløp). Tilbodet krev 1 årsverk i tillegg til 1 årsverk for opplæring etter introduksjonslova i norsk og samfunnskunnskap, utan at dette var budsjettetert.

### Status økonomiplantiltak

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status Risiko	Beskrivelse
<b>Vedtak forrige periode</b>			
Valle skule - grunnskule - endring i driftsramme	-400	Ferdig	 Innfridd
<b>Sum</b>	<b>-400</b>		
<b>Sum tiltak</b>	<b>-400</b>		

### Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,23 %	6,22 %	6,45 %
Årlig sykefravær 2020	0,34 %	8,72 %	9,07 %
Årlig sykefravær 2021	0,37 %	1,80 %	2,16 %

#### Grunnskule 5110-202:

Samla har Valle skule lavt sjukefravær

#### Vaksenopplæring 5152- 213:

Samla har Valle vaksenopplæring ingen sjukefravær

#### Tiltak:

Nærværsmetoden i praksis for oss betyr at vi har fokus på:

- Kva som er bra og kvifor
- Kva kan blir betre og korleis.

Vi arbeider ikkje systematisk men ser på leing, samarbeid/kommunikasjon, arbeidsoppgaver og restarbeidsevne og tilrettelegging. I tillegg er vi gode på markere det vi kan "feire".

## Barnehage

### Skildring av verksemd

Valle barnehage har to barnegrupper, ei småbarnsaveling med 9 barn og ei storbarnsavdeling med 18barn. Hylestad barnehage har og to avdelingar/barnegrupper, ei småbarnsavdeling med 9 barn og ei storbarsavdeling med 15 barn.

Bemanninga har vore etter bemanningsnorm 1:6 og 1:3. Det har vøre tilsett pedagoger etter pedagonorm i barnehageoven 1:7 på småbarnsaveling og 1:14 på storbarnsavdeling

Det er satt inn ein 100% stilling i spesialpedagogisk tiltak heile året 2021. Valle kommune har løpende opptak dvs dei kan starte etter at barnehageåret har starta, 100% av søkjarar har fått plass i barnehagene

Satsingsområdet barnehageåret har vore "Barnehagens språkmiljø og systematisk arbeid med språk i barnehagen". Me har gjennomført kompetanseheving for personalet i tråd med Nettverk Setesdal barnehage. Det har og vøre kompetanseheving på "psykisk helse i barnehagen" for personalet. Det blir gjennomført faste møter med personalet på kveldstid.

### Utvikling og utfordringar

Utfordring for barnehagen er å få tak i vikarar når personalet er sjuke /sjukemeldte. Det kan vere ei påkjenning for personalet som arbeider i barnehagen. Personalet strekk seg langt i å gå overtid og arbeide ekstra på sine fridagar. Dette har foreldregruppa sett veldig tydelig dette året med personalgruppe med veldig høgt fråvær. Det har vore svært vanskelig å få tak i vikarar som var kjente for barna. Det blei vedtatt i kommunestyrat desember 2021 at bemanninga i barnehagen skulle aukes med 100% stilling frå april 2022.

### Utvalde resultat

Det er kjøpt inn eit digitalt kommunikasjonsvertøy; Visma Flyt Barnehage. Det blei tatt i bruk mars 2021. Visma Barnehagesystemet brukast på kommunenivå mtp barnehageopptak, søknad og redusert foreldrebetaling, søknad om å endre opphaldstid og fakturafil. På barnehagenivå har me ein app for personalet og ein app for foreldra der dei kan registrere fråvær, registrere oppmøte og kommunikasjon mellom barnehage og heim. Personalet har fått god tilbakemelding frå foreldra. Dei har nå i større grad innsyn i barnas kvardag. Systemet har vore effektivt og brukarvennleg mtp søknad om plass/ending av plass i barnehage, fakturering og innhenting av data.

### Status økonomi

Beløp i 1000


Eining	Regnskap 2020	Regnskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr	Avvik i %
520-Valle Barnehage	5 997	4 776	4 466	-310	-6,9 %
521-Hylestad Barnehage	1 899	4 636	3 618	-1 017	-28,1 %
<b>Sum</b>	<b>7 896</b>	<b>9 492</b>	<b>8 084</b>	<b>-1 326</b>	<b>-16,4 %</b>

## Kommentar til status økonomi

Samla har drift av barnehagene i Valle eit merforbruk på omlag 1,3 mill. kroner. Gjennom heile 2021 har barnehagene hatt eit høgt sjukefravær som fører til eit stort behov for innleie av vikarar. Sjølv om alt langtidsfravær gir rett til refusjon frå NAV, vil eit korttidsfravær måtta dekkast av eige budsjett. Særordningar med rett til sjukerefusjon grunn covid-19 har i liten grad vore aktuell å nytta, då fraværet ikkje er av denne art. I tillegg til dette har der vore trong for ekstraressurser grunna vedtak om styrking av pedagogisk tilbod for einskildebarn.

## Status økonomiplantiltak

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status Risiko	Beskrivelse
<b>Vedtak forrige periode</b>			
Fellesutgifter barnehagane - endring i driftsramme	-200	Ferdig	
<b>Sum</b>	<b>-200</b>		
<b>Sum tiltak</b>	<b>-200</b>		

Nedtrekk i driftsramme har ikkje vore mogleg grunna driftssituasjonen, jf kommentar under status økonomi.

## Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	1,05 %	6,26 %	7,30 %
Årlig sykefravær 2020	1,77 %	7,27 %	9,03 %
Årlig sykefravær 2021	1,34 %	36,82 %	38,16 %

Samla sjukefravær frå barnehagane er på 38,16%. Både Hylestad barnehage og Valle barnehage har gjennom 2021 hatt svært høgt langtidsfravær som skuldast ulike årsaker som ikkje har vore arbeidsrelatert fravær. Korttidsfraværet i barnehagane har vore veldig lågt dette året. Sjukemeldingar som har vorte forlenga og har vore vanskelig for barnehagen å forutsjå og planlegge gode stabile vikarar er utfordrande.

Jamleg oppfølging av sjukemeldte med samtalar og spørsmål om tilrettelegging er gjennomført.

## Helse

### Skildring av verksemd

Helsetenesta har ansvaret for å gi alle personar som oppheld seg i kommunen eit naudsynt og fagleg forsvarleg helsetilbod. Tenesteeininga omfattar fastlege, legevakt, kommuneoverlege, fysioterapi, ergoterapi, jordmor, helsestasjons- og skulehelseteneste, SLT (rus- og kriminalitetsførebyggjande arbeid) og psykisk helse og rustenesta. Det var i 2021 i alt 21,7 årsverk i Helsetenesta i Bykle og Valle.

### Generelt

Koronapandemien har òg i 2021 vore dominerande for tenesta. Alle tilsette som allereie har gjort ein betydeleg innsats sidan oppstart av pandemien i 2020 måtte stille opp att. Meirarbeid, overtid og ferie

frå i fjor kunne difor ikkje takast ut som planlagt. Desse timane kjem såleis til å verte overført, som igjen kjem til å påverka drift og økonomi i 2022. Alle tilsette er slitne og har difor eit stort behov for kvile og rekreasjon.

For å redusera presset vart det leigd inn ein sjukepleiar i vinterperioden, i tråd med nasjonale føringar. Fleire mutasjonar av koronaviruset har etter kvart ført til ei ny smittebølge, som har oppretthalde presset på heile tenesta.

Om sumaren vart det gjennomført ei massevaksinering. Helsetenesta har vore best i heile Agder fylket i å vaksinera raskast og mest effektivt. Smittevernlageret i Vige / Kristiansand fekk ei lenge venta oppgradering med hanskar, som ikkje kunne skaffast på marknaden i øver eitt år. Lageret inneheld òg munnbind, desinfeksjonsmiddel og frakk, og er dimensjonert for ein periode på minst åtte månader, jfr statlege pålegg.

Pandemien og stadige utfordringar med bemanning har ført til at kvalitetsutvikling, interkommunalt samarbeid, arbeidet med kartlegging og endring samt generell tenesteutvikling har stagnert.

### **Legetenesta og helsehus**

Legetenesta har vore noko redusert på grunn av både lang- og korttidsfråvær. Dette har etter kvart skapt store bemanningsutfordringar i fastlegetenesta og i legevakttenesta i slutten av året, då sjukefråværet tok seg ytterlegare opp. Det har vist seg å vere tilnærma umogleg å få tilsett kvalifisert vikar. Mangel på fastlegeressursar førte òg til ei stor belastning på dei andre legane, med tilsvarende auke i utgifter som konsekvens.

Sjukepleiarane på legekontor måtte ta mange ekstraoppgåver, som massevaksinering, testing på covid-19, drive logistikk kring smittevernustyr, vaksine og hurtigtestar. Viktige oppgåver som for eksempel oppfølging av diabetikarar måtte difor prioriterast ned.

### **Psykisk helse og rus**

Tenesta har i løpet av heile året hatt 2,28 klientretta stilling, 0,92 systemretta stilling (førebygging og helsefremjing, inkludert SLT-koordinator), samt 0,60 vakanse. Permisjonar er årsak til vikarbruk på til saman 1,5 stilling ved utgangen av året.

Psykolog Erik Bjørnebak som har vore tilsett i vikariat vart tilsett i 100% fast stilling frå august. Historisk er det nesten alltid vore vakanse i tenesta og for første gang har tenesta opplevd å ha heile 3,6 tilsette på jobb i haust. Tenesta er òg heldig i å få tak i gode vikarar.

Per 100% klinisk stilling har det vore gjeve tilbod til 51 personar, til samanlikning med 64 i 2019. Dette har over tid vore ei ønska utvikling av omsyn til den einskilde arbeidstakar si belastning i kvardagen.

### **Individretta tilbod**

- Totalt har tenesta hatt kontakt med 142 personar, kor 116 personar har motteke tilbod.
- 93 personar vart tilvist i meldingsåret.
- Det er 38% retilvising i 2021, det vil seie at dei har vore tilvist tenesta tidlegare.
- Ved slutten av året var 45% av tilboda avslutta og 37% av tilboda vart vidareført inn i 2022. 9% av slo tilbodet dei fekk i løpet av året og 9% sto på venteliste ved årsskiftet.
- Snittet for talet av dagar frå tilvising vart motteken til første samtale, ligg samla for kommunane på 54 dagar, samanlikna med 32,5 dagar i 2019.



- Av folketalet har tenesta kontakt med 6,8% for både kommunane samla.
- Fordelinga mellom kjønn ligg rimeleg stabilt med kvinner på 64% og menn på 36% menn.
- Aldersfordeling; auke bland 0-10 år, 21-40 år og nedgang for 61-100 år. 11-20 år og 41-60 år ligg stabilt.
- Angst, depresjon og livssituasjon er dei vanlegaste årsakene til kontakt med tenesta.

Vidare tilvising er mest hyppig til DPS (ambulant akutteam, poliklinisk eller døgnopphald).

### **Systemretta arbeid**

Det har vore gjennomført diverse systemretta arbeid, som omhandlar arbeid med førebygging, helsefremming, kompetansedeling og tenesteutvikling. SLT: politirådsmøte, SLT-samarbeidsforum, delteke i arbeidsgruppa til «Førebyggjande arbeid barn og unge i Setesdal» og Åseral, Utsett-programmet, arrangert tverrfagleg team i både kommunar, revitalisering av satsinga Barn som bekymrar, oppdatering av retningsliner for Fagteam, formalisering av samarbeid mellom Psykisk helse og rus og vidaregåande skule/folkehøgskule på individ- og systemnivå, samt bidratt til koordinering og avklaring i saker knytt til person og/eller miljø.

Psykisk helse og rus deltek i Miljøteam Valle skule, Fagteam for barn og unge i Bykle, Drop-in møte med NAV, distriktpsikiatrisk senter (DPS) / avdeling for rus- og avhengighetsbehandling (ARA) og kommune, samt Tverrfagleg team i både kommunane. Har også delteke på diverse møte knytt til Oppvekstreforma og gjennomført digital undervisning for 6.-7.trinn på Valle skule. I meldingsåret har det vore gjennomført fast rettleiing til pleie- og omsorgstenesta i Bykle, helsesjukepleiarane i både kommunane og barnevernet.

### **Jordmortenesta**

Jordmortenesta og beredskapen har fungert tilfredsstillande, trass i eit lengre fråvær. Det har òg vore mykje vaktberedskap og følgjeteneste, og totalt 11 fødsler i Bykle og 14 fødsler i Valle kommune. Det er tilnærma umogleg å få inn vikar i høve fråvær. Helseføretaket gir òg klare signal på at dei slit med same problemet og ikkje har tilgang til vikar for jordmorvakt som dei eventuelt kan disponere til oss.

### **Helsestasjons- og skulehelsetenesta**

I Bykle har alle helsestasjonskontrollar vorte utførte, og ingen har dermed mista tilbodet sitt. Anbefalte arbeidsoppgåver har vore stabil og vorte følgt opp som planlagd, derunder mellom anna vaksinasjonar, helsesamtalar og undervisningar. Pandemien har ført til at gruppetilbod vart redusert, og nokon tilbod måtte gå ut, som for eksempel barselguppa.

Sjukefråvær har òg her påverka drift, særleg i slutten av året. Generelt var det fleire i 2021 som vart visa til psykisk helse og rustenesta, og presset på tenesta opplevast som svært høgt.

### **Fysioterapitenesta**

Tenesta vart brukt mykje i heile 2021. Tenesta har spesielle utfordringar med smittevern, då mykje av behandlinga medfører nærkontakt, og det er såleis umogleg å halde éin meters avstand. I tillegg er fysisk aktivitet og trening kopla til auka pustevolum, noko som er kjent for å auke faren for smitte med koronaviruset betrakteleg. Fråvær har òg her ført til eit redusert tilbod i korte periodar.

## **Ergoterapitenesta**

Tilsett ergoterapeut i september 2021 i 20% stilling som ein del av vertskommunesamarbeidet om felles ergoterapeut med Valle, Bygland og Åseral kommune. Bygland er vertskommune. Ergoterapeuten har hittil jobba mest mot brukarar i pleie og omsorg, men er tilgjengeleg for heile kommunen.

## **Folkehelse**

Folkehelseoversynet for Bykle kommune er sist oppdatert i 2016 og treng ei fornying snart. Folkehelsearbeidet i kommunen verkar å vera lite sett i system. En bør vera merksam på at folkehelse er berre 10% helse, og veldig mykje noko anna: skule, barnehage, teknisk etat, NAV og fleire andre har direkte påverknad på helsegradienten, som seier at folkehelsa følgjer ein gradient basert på yrke, status og inntekt. Det har vist seg å vere umogleg å arbeide med folkehelseoversikta grunna disponering av ressursane til handtering av koronapandemien. Etter ei naudsynt rolleavklaring i det vidare folkehelsearbeidet vil denne prosessen starte opp i april 2022, når ny kommuneoverlege er tilsett.

## **LMT (Lokalmedisinske tjenester)**

Lokalmedisinske tjenester (LMT) Setesdal er et vertskommunesamarbeid mellom Bykle, Valle, Bygland og Evje og Hornnes. Startet opp i drift i januar 2013.

«Samarbeid om felles fagressurser og kompetanse»

LMT Setesdal skal ivareta de interkommunale funksjonene til:

- Leder og Samhandlingskoordinator
